

Å kommentere bruken av nynorsk i akademien er fort gjort: Den eksisterer omtrent ikkje.

les Anna Werenskjold på kommentar plass s. 2

NR 4 • 2010 • ÅRGANG 9 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Årets nynorsk-kommune

Kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) etterlyser kandidatar til Årets nynorsk-kommune 2010.

S. 5

Vekst i HÅ

I Hå kommune har dei vekst i folketallet, no byggjer dei også eit eige rekordmeieri.

S. 18 - 20

Færre vel nynorsk

Talet på nynorskelevar i norske byar går dramatisk nedover. Men kvifor?

S. 8 - 10

Lukke



Foto: Privat

Mariell Øyre (20) skriv den mest leste nynorsk-bloggen i landet. Det skaper kvardagsleg lukke.

• Sjå s. 12 - 13



Foto: Ingrid Hillestad

Eit eventyr



Foto: Funkle

Designbyrået Funkle lagar sensuelle sengeklede på nynorsk.

• Sjå s.17

Eit krafttak

Synnøve Kvamme (19) er leiar i Granvin ungdomsråd og kjempar no mot kraftlinene som kan kome til å gå gjennom bygda og krysse Granvinfjorden.

annan stad i Hardanger, seier Synnøve, som for tida ikkje har mykje til overs for regjeringspolitikarane.

• Side 6 - 7

– Eg vil bu her. Vi har eit utruleg godt miljø her. Om kraftlinene kjem, vel eg kanskje ein



VIL DE HA OSS MED?

Då må de

- ikkje snakka om oss
- ikkje snakka til oss
- men snakka med oss

MOT TIL Å MEINA

Kommunen på Facebook

Ei fersk kartlegging viser at berre éin av fire kommunar brukar sosiale medium, slik som Facebook og Twitter. Prosjektleiaren for sosiale medium i Synlighet.no er ikkje overraska, og seier til LNK-avisa at han har stor forståing for at ikkje alle kommunar har fått sett seg inn i korleis dei skal bruke desse nye kommunikasjonsverktøya. Samstundes veit me at mange, og særleg dei unge, sjekkar Facebook-profilen sin fleire gonger om dagen. For mange har det blitt ein naturleg del av kvardagen.

Dei fleste kommunane har mykje informasjon som skal ut til innbyggjarane, og dei ynskjer å høyre kva dei som bur i kommunen meiner. Men det er ikkje alltid like lett å finne den informasjonen som kommunen ynskjer å spreie. Når startar skulen? Kva er opningstidene til biblioteket? Er det ledige plassar i kulturskolen?

Og skulle du irritere deg over vassavgifta eller skulesamanslåingar, kan terskelen for å skrive eit lesarbrøyt i lokalavisa eller ta ein telefon til ordføraren vere vel høg. Då kunne det kanskje vore greiare å snakke direkte med kommunen på ein arena der fleire kan kaste seg inn i debatten?

Kommunale nettsider har ein tendens til å vere både byråkratiske og vanskelege å orientere seg i. Og for ein nettbrukar som er van med å klikke seg raskt gjennom Facebook-sider og Twitter-kontoar på leit etter siste nytt, kan det vere ei nesten umogleg oppgåve å søkje etter opplysningar på ei kommunal nettside.

Men for all del: ikkje alle er, eller skal vere, på Facebook og Twitter. Difor vil informasjon på kommunale nettsider og ikkje minst annonsering i lokalavisene framleis ha ein misjon.

Kanskje kommunane må våge å kaste seg inn i dei sosiale media dersom dei skal klare å kommunisere med nye aldersgrupper eller freiste ein ungdom eller to heim att. Kanskje kan det også auke engasjementet i kommunen? Ja, kanskje til og med valdeltakinga?



Illustrasjon: Leif Harald Forthum

På dødens rand



Anna Werenskjøld
Redaksjonsleiar og debattredaktør i studentavisa Universitas og styremedlem i Kringkastingsringen.

KRONIKK

A kommentere bruken av nynorsk i akademien er fort gjort: Den eksisterer omtrent ikkje.

”Stryker du i fransk, er det din egen feil. Det vet da alle. Stryker du i nynorsk, er det bare komisk og helt opplagt nynorskens feil, det vet også alle.” Dette sa Stein Ørnhoi til Fedrelandsvennen 16. februar 2005.

Det rådande synet på nynorsk som målform er at den har eit imageproblem. Akademia er ikkje noko unntak. Det finst knapt faglitteratur og pensum på nynorsk, det finst knapt studentar som leverer eksamensoppgåver og masteroppgåver på nynorsk, og gruppa av forskarar som publiserer på nynorsk, er marginal. At studentar legg om frå nynorsk til bokmål då dei trer inn i høgre utdanning, er heller ikkje uvanleg.

Ved Universitetet i Bergen er det 7 prosent som leverer masteroppgåvene sine på nynorsk, altså under ein av ti. Dette er eit lågt tal, men likevel høgt nok til at universitetet vart tildelt målprisen for 2010. Ved Universitetet i Oslo ser det verre ut. Berre 2 prosent av alle masteroppgåvene i 2009 vart leverte på nynorsk.

Som nynorskbrukar ved Universitetet i Oslo er det langt mellom kvar gong ein les ein fagar-tikkel eller eit pensumbidrag på nynorsk. Mållaget har utspel knytte til nynorsk pensum med jamne mellomrom, og det har vorte lettare å vere nynorskbrukar ved universiteta i dei seinare åra. Men at nynorsk framleis har ei svak stilling i akademien, er ikkje overraskande. Også bokmål vert nytta i mindre grad enn tidlegare.

Med høgre utdanning (og forskning) som stadig vert meir internasjonal, vert engelsk i større grad nytta som det akademiske språket. Dette ser ein ved at forskarar som er del av internasjonale forskingsnettverk, publiserer på engelsk ved utlandske forlag for å nå ei større målgruppe. Dette

ser ein også når det kjem til pensumartiklane – om ein vil ha den nyaste forskinga, vert ein tvinga til å lese utanlandsk litteratur nettopp av den grunn at den fremste forskinga i hovudsak skjer utanfor Noregs grenser.

Studentar som legg om frå nynorsk til bokmål, skuldar ofte på at den faglege terminologien på nynorsk ikkje er god nok. Og dette er ei reell utfordring – det finst store hol i det nynorske skriftspråket i akademisk samanheng. Samtidig går det også rykte om dei studentane som leverer eksamensoppgåver på begge målformer, og som får konsekvent betre karakter når dei skriv nynorsk.

Ved lektorprogrammet ved Universitetet i Oslo har ein studentar som etterlyser høgre nynorsk-

Dårleg opplæring i nynorsk for komande lærarar fører til dårlegare undervisning i dette faget når lærarstudentane skal inn i skulen.

kompetanse blant studentane som skal gå ut i lærerfaget. Utan kompetanse i nynorsk kan lærarane heller ikkje lære frå seg dette faget på ein god måte, slik det også er innan andre fag som matematikk, naturfag eller historie.

Dømet frå lektorprogrammet syner eit samansett problem. Dårleg opplæring i nynorsk for komande lærarar fører til dårlegare undervisning i dette faget når lærarstudentane skal inn i skulen. Dårleg undervisning i skulen fører til manglande motivasjon for å lære faget blant elevane. Og den negative haldninga til nynorsk vil forsterkast ytterlegare.

At ein framleis skal kunne nytte nynorsk som eit akademisk språk, er eit ansvar som ligg både på staten, institusjonane og nynorskbrukarane sjølve. Nynorsk treng fleire ambassadarar som kan synleggjere kvifor det er attraktivt å skrive nynorsk og kult å halde på den dialekten ein har. Dette kan til dømes gjerast etter modell frå NRK-programmet Typisk norsk, som bidrog til å gjere norskfaget og lingvistikk etande for eit større publikum.

Om ein vil ha ein større bruk av nynorsk i akademien, vert ein tvinga til å marknadsføre målforma på ein annan måte enn i dag. Det er ikkje noko som kjem av seg sjølv.

eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan 2010:
5/11, 17/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 20 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 11 400,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)

1/4 side kr 7 400,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
21 kroner per millimeter.
Prisane gjeld ferdig materiell.
Annonser blir å levera
som pdf-fil til: astrid@lnk-plan.no

Montering:
Norsk Plan as
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Trykk:
Sunnhordland

Oppslag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år
og kan lingast hjå
LNK, if. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, if. 52 79 04 80,

Korrekturelesar:
Dag Gjerde

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vallandsvåg
4235 Hebnes
Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Redaksjon:
Toyni Tobeck
toyni@norsk-plan.no
Ingrid Hillestad
bladstova@lnk.no
Astrid E. Hjelmeland
astrid@norsk-plan.no

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaktør:
Judith Søarhus Lillehamar
judith@norsk-plan.no

Faste spaltistar:
Jan Olov Fretland
Vidar Heiviskeland

– Ikkje overraska

Brukarane bør ikkje rekne med at alle norske kommunar meistrar sosiale medium, seier Carl Christian Grøndahl, prosjektleiaren for sosiale medium i Synlighet.no.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Grøndahl har tidlegare skrivne masteroppgåve om kva verknad nye medium har på politisk aktivitet og deltaking, og han er ikkje overraska over at berre ein av fire kommunar brukar sosiale medium. Sosiale medium som Facebook, Twitter, YouTube og LinkedIn krev tid og kunnskap som mange kommunar kanskje ikkje synest dei har i dag, trur han. Dermed held ein seg til dei kjende informasjonskanalane, som telefon, e-post og heimesider.



Carl Christian Grøndahl, prosjektleiaren for sosiale medium i Synlighet.no, har stor forståing for at ikkje alle kommunar har fått sett seg inn i korleis dei skal bruke desse nye kommunikasjonsverktøya (Foto:synlighet.no)

SITATET:

– En effektiv offentlig sektor og kvalitativt robuste tjenester er kjempeviktig for bedriftene. Vi er også opptatt av å trekke til oss kompetanse. Da spiller helse, velferds- og ikke minst skoletilbudet en stor rolle.

NHO-sjef John G. Bernander til Dagens Næringsliv i eit intervju der han slår fast at Stortinget bør bruke tvang for å slå norske kommunar saman.

– Eg har stor forståing for at ikkje alle kommunar har fått sett seg inn i korleis dei skal bruke desse nye kommunikasjonsverktøya, seier Grøndahl.

NYE ARENAER

Han er meir oppteken av at kommunane som ikkje brukar sosiale medium aktivt, går glipp av arenaer for informasjonsutveksling og dialog. Ved å bruke Facebook og Twitter aktivt kan ein skape arenaer kor kommunen kan svare på spørsmål og få innspel frå brukarane sine.

– Ein av dei store fordelane med å kommunisere med brukarane sine på denne måten er at når ein får svar, så får fleire svar samtidig. Det er ressursparande.

Samstundes vil innbyggjarane gjerne oppleve å bli sedde og høyrd på ein betre måte via sosiale medium.

– Bør byrje med Facebook
– Kan det vere at kommunane synest det er litt skummelt å skulle byrje å kommunisere på desse plattformene?

– Det kan hende. Men då skal ein hugse på to ting: Du snakkar på vegner av arbeidsplassen din, og det du seier, skal tåle å bli høyrd av mange. Legg ein seg på minnet at ein slik dialog er ein open dialog, så bør det gå greit.

– Kor skal ein byrje, viss ein vil kome i gang med å bruke sosiale medium?

– Eg vil tilrå at ein byrjar med Facebook. For det første er det den mest brukte arenaen i dag, kor vi finn nær halvparten av innbyggjarane i Noreg. Facebook er og lett å bruke og krev lite teknisk innsikt. Vidare er ein av dei store styrkane til Facebook at det er underlagt så strenge konvensjonar. Sida ser lik ut, uansett kven som brukar ho, og ho er lett å navigere i. Dessutan kan du gjere Facebook-sida di tilgjengeleg også for dei som ikkje er medlemmer av dette nettsamfunnet.

Utsira i front

– Facebook brukar vi til alt frå å melde om stengde vegar og ledige stillingar til å bleste det kommunale informasjonsbrevet Siralappen, seier plansjef Atle Grimsby, som er til stades i sosiale medium for Utsira kommune.



(Foto: Atle Grimsby - Creative Commons)

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Tidlegare brukte kommunen mykje tid på å leggje ut saker på heimesidene sine i eit system som var tungvint, og kor statistikken viste at sakene ikkje blei leste. No går mykje automatisk ved at alt som blir lagt ut på heimesidene, automatisk blir generert til Facebook via såkalla matningar, kalla feeds på engelsk. På same måte nyttar dei matingar frå Twitter og andre mikrobloggar for å orientere innbyggjarane sine om det som skjer i andre kommunar og på andre arenaer.

– Eg er viss på at vi har fleire treff på Facebook enn på heimesidene våre, seier Grimsby.

I den vesle øykommunen med 215 innbyggjarar er det tre personar som deltek i sosiale medium på vegner av kommunen; ordføraren og to tilsette i kommuneadministrasjonen. Sjølv om

kommunen var tidleg ute med å ta sosiale medium i bruk, har dei per i dag ikkje retningslinjer for korleis dei skal handtere dette. Grimsby vedgår at den vesle administrasjonsstorleiken gjer det lett å samle seg om felles køyrereglar, men han meiner likevel at retningslinjer må etablerast etter kvart.


Utsira kommune ser denne digitale, sosiale omgangen med folk som ein del av omdømmebygginga si. Folk i dag er overalt, og då må kommunen vere der folk er, forklarar Grimsby og rår samstundes andre kommunar til å hve seg ut idet.

– Begynn på Facebook. Lag ei side, ikkje ei gruppe. Snakk med folk og ver tydeleg på det du vil vere tydeleg på, er rådet han gir.

MOT TIL Å MEINA

60 prosent av elevane i den vidaregåande skulen ynskjer å snakka meir med politikarane og andre som bestemmer i samfunnet.*

KVA TID MØTTE PARTIET DITT SIST OPP PÅ EIN SKULE?



I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjementet blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Kartlegging ved tre vidaregåande skular i Rogaland

SITATET:

– Eg angrar på at vi brukte ordet *Monstermastene*. I vår avgjorde vi at vi ikkje skulle bruke det ordet på redaksjonell plass lenger, fordi det er eit så ladd omgrep. Men eg synest vi skulle teke den avgjerda tidlegare.

Sjefredaktør i BT, Trine Eilertsen til *Dag og Tid* om mastene i Hardanger.

...og dalstroka innafør



Vidar Høviskeland
Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Eit politisk jordskjelv er det blitt kalla. Over sommarnatta gjekk Hardanger frå å vera eit perleband av idylliske vestlandsbygder til å bli årestad for alt som er av sivil ulydnad, miljøterrorisme og det som måtte vera verre her i landet. Hardanger vaks ut over seg sjølv og vart eit overtydeleg portrett av den tidlegare så grå, ansiktslause og Oslo-definerte "periferien". Hardanger fekk god hjelp av Statistisk Sentralbyrå, som kom i skade for å blanda saman det velsigna verdinøytrale omgrepet "brutto nasjonalprodukt" med det noko meir lada ordet "verdiskaping"- og forskar ved NUPI, Iver B. Neumann, som uttalte til NRK at: "ikke i noe land får distriktene så mye fra hovedstaden som i Norge. Likevel gnåler små grupper i periferien".

Ein kan seia mykje om mastene/kablane i Hardanger og mange gjer det. Det kan òg seiest mykje om behovet for å føra meir elektrisk kraft til Bergensregionen (medrekna opptatt elektrifisering av Trollfeltet i Nordsjøen – som jo skal drivast i nokre år til), men denne saka handlar om så

mykje meir enn straumforsyning og miljøvern. Dette er ein klassisk sentrum/periferi-debatt, men sterkare og breiare enn på lenge. Det nye denne gongen er nettopp breidda. Når profilerte intellektuelle marsjerer hand i hand med medisasky kapitalistar for å lenka seg saman med

fruktbonder i Hardanger, då er det alvor. Når sjølv Bergen gløymer å vera seg sjølv nok i nokre dagar, og løfter blikket mot dalstroka innafør, då er det håp.

Det mest overraskande er kanskje media si rolle i saka. Bergens Tidende, VG, Dagsavisen, ja sjølv Dagens Næringsliv hadde sterke synspunkt i saka på leiarplass. Dei støtta ikkje sentrumsmakta i hovudstaden, men tvert om periferikreftene. Det skal bli interessant å sjå om desse nye alliansane vil vara ved.

... og målføra innafør

I Språkrådet er dei godt i gang med å normera nynorsken. Styret i Språkrådet har oppnemnt ei rettskrivingsnemnd som skal laga "ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Målet er å etablera ei norm som gjer det lettare å vera nynorskbrukar, som er tydeleg for alle som brukar nynorsk som sidemål, og som er stabil over tid." Det blir spennande å sjå kva som

kjem ut av arbeidet når nemnda legg fram tilrådinga si i februar neste år.

For det ligg nokre snublesteinar der ute: Nemnda må sjølvsgat arbeida ut frå den grunnleggjande demokratiske ideen om at skriftspråket nynorsk skal byggja på norske dialektar. Dei norske målføra endrar seg raskt no om dagen, og nesten konsekvent i retning av talemålet i næraste by. Dette er ikkje nødvendigvis negativt. Dei fleste norske byar har dialektar med setningsbyggnad som ligg nær nynorsk – sjølv om innbyggjarane ofte brukar bokmål som skriftspråk. Men utfordringa for rettskrivingsnemnda er at desse bydialektane ofte har teke inn i seg ei rekkje bokmålsord som etter kvart også vart teke i bruk i regionane rundt byane.

Dette er ein klassisk sentrum/periferi-debatt, men sterkare og breiare enn på lenge.

Kva vil rettskrivingsnemnda gjera då? Normera ut frå dialektane slik dei faktisk er i dag, eller ut frå dialektane slik dei var? Eller kanskje ut frå slik nemnda meiner dei burde ha vore? Her er det lett å koma på kollisjonskurs med det demokratiske prinsippet i nynorsk.

Vil fjerne sidemålet

Aust-Agder FpU og Grimstad Framstegsparti vil ha valfritt sidemål i vidaregåande skular, skriv NRK Sørlandet.

– Det er på tide at elevane får velje sjølv. Framstegspartiet er av den oppfatning at det å ha obligatorisk sidemålsksamen ikkje er til elevane sitt beste, seier Lene Langemyr i Grimstad Frp i ei pressemelding.

Ho legg også vekt på at ein gjennomførte eit prøveprosjekt i ni Oslo-kommunar over ein tredsperiode og at sluttrapporten berre gav positive resultat om at det vart betre karakterer og at elevane fekk ei meir positiv haldning til sidemål.

Tvitekkja fungerande direktør



Sigrid Tvitekkja vil fungere som direktør i Språkrådet fram til ny direktør er på plass.

Sylfest Lomheim går av som språkdirektør 1. september. Då vil Tvitekkja gå inn i rolla inntil ny direktør, som blir utnemnt av Kulturdepartementet, tiltrer. Det er framleis usikkert når det blir. Tvitekkja har vore fagkoordinator i Språkrådet sidan 2007 og har vore med i Språkrådet si leiargruppe.

Deler ut nynorskpris



PRIS: Liv Signe Navarsete skal nå dele ut pris til Årets nynorsk-kommune 2010. (Foto: Agnar Kaarbo/KRD)

kulturen, som tv, radio, aviser, Internett, programvare og søkemotorar, med få unntak berre er på bokmål eller engelsk.

– Inntrykk frå verda utanfor vart difor sjeldan formidla på nynorsk, slår ho fast til LNK-avisa.

Ho trur også at mange kan føle seg for utrygge til å bruke nynorsk, og at det kan vere ein av grunnane til at mange kommunar vurderer å opne opp for bokmål i administrasjonen.

Tilsette kan føle seg utrygge på å bruke nynorsk dersom for eksempel programvara er på bokmål, og då kan det bli meir komfortabelt å også nytte bokmål i utføringa av andre jobboppgåver.

AKTIV BRUK AV NYNORSK

Kriteria for prisen er som sagt utarbeidd i samarbeid med LNK og er følgjande: aktiv bruk og synleggjering av nynorsk i kommunale planar; aktiv bruk av nynorsk i omdømme- og informasjonsarbeid. Dette kan vere heimesider, skriftleg informasjonsmateriell til innbyggjarane, opplegg for generell marknadsføring av kommunen, kurs og anna opplæring i nynorsk, egne retningslinjer for nynorskbruk i kommunen, god målbuk blant tilsette, marknadsføring av nynorsk i kulturarbeid og kulturarrangement og tidleg nynorskinnsetts i barnehagar og skular.

I juryen sit dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, fylkestingsrepresentant i Møre og Romsdal, Gunn Berit Gjerde (V), generalsekretær i LLA, Rune Hetland, Eli Johanne Lundemo frå Kommunal- og regionaldepartementet og Sigrid Tvitekkja frå Språkrådet. Søknadsfristen er 15. september, og prisen blir delt ut i løpet av november 2010.

dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, sit også i juryen for prisen.

– Prisen skal gå til ein kommune som har nynorsk som formell målførm, og som gjennom aktiv bruk av nynorsk har gjort ein særskild innsats for å fremje nynorsk som skriftmål. Eg vonar mange nynorsk-kommunar melder seg og er med i konkurransen, uttalte Navarsete tidlegare i ei pressemelding.

KAN VERE UTRYGGE

Navarsete meiner nynorsken si største utfordring framover er at den digitale

Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp) oppmodar no kommunane til å søkje om å bli Årets nynorsk-kommune 2010.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Det var tidlegare kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) som tok initiativ til å dele ut ein slik pris

for første gong i fjor. No ynskjer altså etterfølgjaren Liv Signe Navarsete (Sp) å føre dette vidare.

– Det viktigaste for at kommunane skal halde på nynorsk som administrasjons-språk, er truleg at kommunane sjølv ser verdien av å ha eit levande nynorsk språk, seier kommunalminister Navarsete til LNK-avisa.

Statsråden skal i haust dele ut prisen på 100 000 kroner til årets nynorsk-kommune. I fjor var det Stord kommune som stakk av med sigeren. Kriteria for prisen er utarbeidd i samarbeid med LNK, og

Trur på nynorskavisene

Dei nynorske avisene står sterkt på eigne bein, seier direktør ved Aasen-tunet, Ottar Grepstad, som

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

I desse dagar gir han ut boka *Avisene som utvida Noreg – Nynorskpressa 1850–2010*.

– Det blir ofte sagt at nynorsken blir halde kunstig i live. Nynorskavisene er eit godt døme på at så ikkje er tilfelle. Bortsett frå *Dag og Tid* og *Nynorsk pressekontor* blir det ikkje gitt statleg støtte til nynorskavisar spesielt, seier Grepstad.

Det som i stor grad held desse avisene gåande, er samspelet mellom eigar, utgivar og lesar. Tradisjonelt har organisasjonar og enkeltmenneske i målørsla vist stor vilje

til å stille opp for avisene sine, til dømes gjennom å dele økonomisk overskot, men òg ved å bidra redaksjonelt, forklarar forfattaren.

– OFTE LOKAL

I den nye boka si fortel Grepstad historia til nynorskpressa og viser utviklingstrekk frå 160 år med pressehistorie som tidlegare ikkje har vore samla på denne måten. Vi får vite at med unntak av ein periode på 70-talet har det aldri vore fleire nynorskavisar i Noreg enn no. I dag finst det 58 avisar som er redigerte på nynorsk. Alle er fadagsavisar, med unntak av dagsavisa *Firda*. Og alle er lokalavisar, med unntak av *Dag og Tid*, fortel Grepstad. At den gjennomsnittlege nynorskavisar no er lokal, er ikkje overraskande, meiner han.

– Den demografiske utviklinga og den allmenne sentraliseringa har ført oss hit.

På 20 og 30-talet var det fleire nynorske byavisar, og nynorskmiljøa hadde tettare tilknytning til byområda. Slik er det ikkje lenger. Historisk veit vi vidare at den nynorske avistradisjonen fekk seg ein knekk ved okkupasjonen i 1940.

SATSAR PÅ NETT

Når det gjeld framtida for nynorskavisene, er Ottar Grepstad optimist. Han meiner dei fleste lokalavisene heng godt med inn i den digitale tidsalderen, og viser til at 52 av 58 nynorskavisar i dag satsar på nett.

– Desse avisene har drive ein form for interaktivitet med sine lesarar også før media vart digitalisert. Tidlegare var mange av desse avisene avhengige av bidrag frå publikum, mykje grunna mangel på nynorskskrivinge journalistar.

Å dra veksle på skriveføre lesarar på denne måten har det vore tradisjon for i

nynorskavisene, og Grepstad meiner denne tradisjonen har mange element frå dagens interaktive mediakvartar i seg.

– Samstundes ser vi at somme små aviser bevisst prioriterer papirutgåvene sine og ikkje ser seg råd til å satse på nett. Det har eg respekt for, seier Grepstad, som minner om at Internett som fenomen trass alt er svært ung.

–Vi må hugse på at den eldste nettavisa berre er femten år gammal. Den eldste nolevande papiravisa, *Hordaland*, har vore i drift sidan 1873. Hordaland skifta forresten til landsmål i 1908.



Landssamanslutninga
av nynorsk-kommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no

post@lnk.no
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfriid Borge
Laura Selvtveit
Rune Øygard

Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

ABC
Startsida
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Klar til å lenke seg fast

Synnøve Kvamme (19) har kjempa for heimbygda si Granvin i fem år. Regjeringspolitikarane har ho lite til overs for.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

Det er eit stort naturinngrep dei vil setje i verk, seier Synnøve Kvamme og ser oppover fjellsidene i heimbygda.

Ho peiker utover Hardangerfjorden og viser kor kraftlina kjem til å krysse sjøen, midt mellom Granvinbygda og Kvanndal-Utne-ferja. Totalt kjem lina til å krysse fjorden, som kvart år trekkjer til seg fleire tusen turistar, tre stader.

KRAFTLINER

Olje- og energidepartementet gav i juli konsesjon til å bygge ei 92 kilometer lang kraftline frå Sima i Hardanger til Høysæter i Samnanger.

Vedtaket førte til massiv motstand frå folk i Hardanger og elles i landet.

Synnøve Kvamme, leiar i Granvin ungdomsråd og aktiv i organisasjonen Bevar Hardanger, har vore mellom frontfigurane i protesten mot kraftmastene i Hardanger.

10. august gav regjeringa etter for folkemotstanden og lova ei uavhengig utreiing av sjøkabel som alternativ til master i Hardanger. Denne skal vere ferdig 1. februar 2011. Arbeidet med å bygge master i Samnanger, der planen om luftline står vendra, startar før.

– Kraftlinene skal gå gjennom støls- og beiteområde og mykje urørt natur, held Synnøve, som er leiar i Granvin ungdomsråd, fram.

MØTE MED MINISTEREN

Det kom som eit sjokk på henne då statsministeren kom med nyhenda 2. juli: Regjeringa var samd i å bygge massive master for å produsere og frakte straum i luftspenn frå Sima i Hardanger til Samnanger og vidare mot Bergensregionen.

– Vi blei kalla inn til eit møte med olje- og energiminister Terje Riis-Johansen så seint som i juni. Han ville då høyre fleire sider av saka. Vi blei etter dette lova ei uavhengig utreiing om kraftsituasjonen i Bergen, fortel ho.

På møtet var hardangerordførarar, NVE og Statnett til stades. Synnøve var letta etter møtet og kjende seg endeleg høyrd. Rapporten om straumsituasjonen i Bergen skulle vere ferdig i november. Så gjekk det berre nokre få veker før ei sak, som regjeringa like før hadde lova å bruke god tid på, med eitt hasta og luftspennet blei bestemt.

SAKNAR HEILSKAP

Vi kjende oss lurde. Møtet i juni var ikkje anna enn spel for galleriet slik eg ser det i ettertid, kommenterer ein skuffa ungdomsrådsleiar.

Den over seksti sider lange rapporten som kom i postkassa i samband med julvedtaket, gjorde henne ikkje mindre frustrert og fortvila over arbeidet til regjeringa.

– Der er inga heilskapleg vurdering. Alle momenta, som omsynet til naturen, friluftslivet og dyrelivet, blir vurderte isolert. Der står heller ingenting om oss som bur der linene skal gå.

UÆRLEGE POLITIKARAR

– Eg trudde politikarar på eit så høgt nivå kunne betre, held Synnøve fram.



KJEMPAR: Synnøve Kvamme kjempar mot kraftlinene som skal gå gjennom bygda og krysse Granvinfjorden i bakgrunnen. (Foto: Ingrid Hillestad)

At regjeringa stoler så blindt på Statnett og NVE, og ikkje får uavhengig ekspertise til å granske kor kritisk det eigentleg er med straumforsyninga i Bergen, opprører henne. Ho mistenker Statnett og regjeringa for å blåse opp og konstruere biletet av ei krise i Bergen, tufta på nokon uvanleg kalde dagar i vestlandshovudstaden sist vinter.

– Eg trur dette handlar meir om å elektrifisere sokkelen med vasskraft og å eksportere straum til utlandet. Eg har i utgangspunktet ikkje noko imot dette, men kvifor kan ikkje politikarane vere ærlege, undrar den engasjerte ungdommen.

KORTVARIG GLEDE

At vedtaket om luftlina skulle vekke så stor motstand frå folk både i Hardanger og i landet elles, trur ho kom uventa på politikarane. Gleda var stor, men kortvarig, i Granvin 10. august då regjeringa måtte ta eit steg tilbake og gjere nytt vedtak om utreiing av sjøkabel på delar av traseen. At dei samstundes går i gang med arbeidet med lina i Samnanger, der det uansett blir luftspenn, uroar Synnøve.

– Dei seier at dei ikkje har tid til å vente. Eg trur regjeringa kjem til å konkludere med at det vil ta for lang tid å gå for sjøkabelalternativet. Eg trur det dei no gjer handlar om å dempe motstanden og vinne tilbake tilliten frå folk.

SPLITTAR HARDANGER

Ei løysing med kabel på delar av traseen fører samstundes til eit splitta Hardanger. Herfrå har kravet heile tida vore kabel i sjø og jord heile vegen til Samnanger.

Ein samla Hardangeropposisjon, seier Synnøve. Ho trur ein samla Hardanger-opposisjon er det einaste som verkeleg kan påverke politikarane som styrer frå Oslo.

Det viktigaste no blir å få stoppa bygginga i Samnanger. Når arbeidet der først har starta er det for seint, seier den uredde ungdommen, som er klar for å ta i bruk lenker, om det er det som må til.

AUKA MILJØINTERESSE

No er ho på flyttefot til Bergen for å jobbe eit halvår og tene pengar til å reise ut i verda. Kampen mot mastene vil halde fram frå vestlandshovudstaden.

– Så du er ikkje redd Bergen skal bli mørklagd medan du bur der?

– Nehe.

19-åringen vurderer sjukepleiarstudier etter at jobbing og reising er gjort unna.

– Så det blir ikkje politkar av deg?

– Det må i tilfelle bli lokalpolitkar, svarer ho kjapt.

Ho har blitt skeptisk mot statusen og makta som følgjer med det å vere storpolitkar. Dei fem åra Synnøve har jobba mot kraftlinene har lært henne mykje, både på godt og vondt.

– Eg har blitt meir samfunnsmedviten. Eg blei kasta inn i politikken i denne saka, og eg har lært mykje om korleis regjeringa jobbar og demokratiske prosessar går føre seg. Eg er diverre ikkje imponert over mykje av det eg har opplevd her. Eg har også lese ein del, mellom anna om Altasaka, og interessa for miljø og naturvern har blitt større, seier ho.

VIL BU I GRANVIN

Ho er redd det same vil skje i Hardanger som i Alta om mastene blir bygde: i ettertid kjem det fram at inngrepet ikkje var naudsynt og kunne

vore unngått. Kraftlinene frå Sima til Samnanger er planlagde rett gjennom staden der ho er oppvaksen og ser for seg ei framtid.

Eg vil bu her. Vi har eit utruleg godt miljø her. Om kraftlinene rett gjennom staden der ho er oppvaksen og ser for seg ei framtid.

1. Kva synst du om mastene som er planlagde gjennom bygda? 2. Trur du regjeringa vil gå for sjøkabel?

Per Einemo (52), Ålvik og Kjetil Øye (49), Ålvik:

Vi vil ikkje ha dei. Sjøkabel til Ljones også føre straumen inn på eksisterande trase derfrå, ville vore eit betre alternativ. Vi må bevare Hardanger for framtida. Turistane kjem hit fordi dei vil sjå fjordane.

Nei. Kvifor må dei byrje på lina i Samnanger allereie no? Økonomien ligg i botn her. Men eit utval blir nok sett ned for å utgreie sjøkabelalternativet.

Ho er ein frontfigur som gjer ein kjempejobb. Det er ungdommane si framtid vi snakkar om.

Lars Sverre Hausnes (59), Granvin

Eg vil ikkje ha dei. Eg kjenner ingen som vil ha dei.

Eg har tillit til at regjeringa har prøvd å komme opposisjonen i møte. Eg trur dei vil roe gemytta, men at dei kjem til å gjere som planlagt.

Ho er ein samlande



(Foto: Ingrid Hillestad)

3. Kva betyr ungdomsrådsleiar Synnøve Kvamme sitt engasjement i denne saka?

figur. Ho har fått engasjementet opp og vore seriøs. Det er ofte snakk om ungdommar som ikkje tar ansvar. Synnøve gjer dette på ein positiv måte.

Guri Brekke (70), Folkedal i Granvin

Eg ønskjer dei ikkje. Dei kjem til å skjemma ut den fine naturen. Den breie gata med master langs fjorden vil vere svært skjemma.

Regjeringa må berre setje i gang arbeidet med å utrei sjøkabel, men eg er redd dei ikkje er heilt til å stole på. Dei seier ein ting ein dag og noko anna ein annan dag.

Ho har hatt veldig mykje å seie. Det er ungdommen som har stått mest på i denne saka. Det er utruleg flott. Det er dei som skal ha framtida si her.



(Foto: Ingrid Hillestad)

– Kommunane må melde frå

Tidlegare fekk kommunane skjønsmidlar direkte frå Kommunal- og regionaldepartementet på grunn av ekstra kostnader ved språkdelte klassar. Dette var endra i 2009.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Frå 2009 vart desse midlane lagt inn i basisrammene til fylkesmannen. Det betyr i praksis at fylkesmannen kan vurdere om støtta til språkdelte klassar skal halde fram, og kven som eventuelt skal få ekstra støtte.

– Tidlegare var desse midlane spesifiserte for kvar kommune, på bakgrunn av klasselister. Det er dei ikkje no. Det betyr at fylkesmannen kan vurdere kven som skal få denne støtta, seier Håvard

Rød hjå Fylkesmannen i Hordaland. Han legg vidare til til at kommunane alltid har disponert desse midlane fritt.

Kommunane får tilsendt eit brev frå fylkesmannen der det blir fortalt at ein skal ha ei ny fordeling av skjønsmidlar, og at kommunane må gi opplysningar om spesielle område og utfordringar i deira kommune.

ØKONOMI AVGJER

– Det er avgjerande at kommunane då gir opplysningar om språkdelte klassar, og at dette er ein ekstra kostnad. Men uansett blir støtta delt ut på bakgrunn av kommunane sin økonomi og i forhold til eit totalsyn, fortel Rød.

For 2010 har Fylkesmannen i Hordaland gitt støtte til Meland kommune og Fjell kommune på grunn av ei stadig sterkare innflytting frå Bergen og dermed fleire bokmålslevar. Samstundes støtta dei Sveio

kommune på grunn av innflytting frå Haugesund. Bokmålskommunen Askøy kommune fekk også skjønsmidlar, på bakgrunn av at ein del foreldre i kommunen no ynskje nynorsk som hovudmål.

IKKJE LISTER

Til samanlikning fekk Bergen, Odda, Fjell, Osterøy og Lindås kommune støtte frå departementet i 2000. Håvard Rød seier at utbetalingane i Hordaland har vore på omlag ein million kroner, også for 10 år sidan, noko han meiner er ein ganske liten del av den store kaka.

Kompensasjonen i kroner har vore mykje meir omfattande i mange andre fylke, meiner han.

2000 var det siste året Odda fekk skjønsmidlar til språkdelte klassar. I åra etterpå har kommunen søkt utan å få midlar. Dette er ordførar i Odda, Gard Folkvord (Ap), skuffa over.

– Eg synest ikkje det er bra. Sidan me er ein språkøytral kommune, bruker me mykje ressursar på språkdelte klassar. Men det får ingen innverknad på Odda sin skulepolitikk. Språkarbeidet i skulen vår har høg prioritet, og det vil det også ha framover, seier han og legg til at det truleg er økonomiske årsaker som gjer at kommunen ikkje får støtte.

– Det blir truleg argumentert med at ein kommune som Odda kan klare å finansiere dette sjølv, og det har me også klart, seier han.

AUKA STØTTA

Anne-Gunn Sletten hjå Fylkesmannen i Oppland kan fortelje at Sel og Nord-Aurdal fekk ei samla støtte på 1,4 millionar kroner direkte frå departementet i 2003. I 2004–2007 fekk Sel, Nord-Aurdal og Etnedal kommune ei støtte på tilsaman 2,7 millionar kroner i kvart av åra.

I 2008 fekk Gausdal støtte i tillegg til dei tre andre kommunane. I 2009 og 2010 kom Sør-Fron til på tildelingslista, og talet på kommunar var då oppe i fem. I 2009 var den samla støtta på 3 millionar kroner, medan ho i 2010 var på 2,8 millionar.

– Den kommunevise fordelinga er vidareført, og det totale beløpet som er fordelt, har auka i takt med talet på kommunar. Men tildelinga er no basert på innspel frå dei aktuelle kommunane, seier Sletten.

Departementet har på si side ingen kommentarar til om ordninga fungerer godt slik ho blir utført i dag, eller om det vil bli endringar for 2011.

– Retningslinjene blir først klare og offentleggjorde i samband

med statsbudsjettet for 2011. Me har difor ingen kommentarar til dette nå, seier statssekretær Dag Henrik Sandbakken i Kommunal- og regionaldepartementet til LNK-avisa.

I-endingane kan forsvinne

Normeringsnemda til Språkrådet legg no fram forslag om å fjerne i-endingane.

Hovudårsaka til at dette i-målet er føreslått er fjerna frå norma er at vi ser at det nesten ikkje er brukt. Heller ikkje dei i områda der i-målet er tydeleg i talemålet, seier Grete Riise, leiar i

rettskrivningsnemda i Språkrådet, til NRK Sogn og Fjordane.

Språkrådet forklarar også forslaget med at dei ynskjer å gjere nynorsken enklare.

– Vi er blitt bedne om å forenkle og minske valfridomen. Og då er fjerning av i-målet eit av forslaga, seier Riise.

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start
på internett
www.startsida.no

Vil ikkje dele ut lister



FEKK NEI: Camilla Ruhs er skuffa over at dei ikkje får utdelt klasselister ved Bjølsen skole. (Foto: Privat)

Rektor Arne Lillehagen ved Bjølsen skole meiner han ikkje kan gi ut klasselister med informasjon om kva språk elevane skal ha, utan samtykke frå føresette. – Det er feil, seier utdanningsetaten i Oslo kommune.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Camilla Ruhs og ektemannen ville gjerne at sonen skulle byrje i ein nynorskklasse ved Bjølsen skole i Oslo. Det skulle vise seg å ikkje bli så enkelt. Då elevane vart skrivne inn ved skulen i vinter, kryssa foreldra av for at dei ynskte nynorsk. I vår spurde dei kommunen om det var mogleg å få klasselister som viste kven andre av elevane ved skulane i nærleiken som skulle ha nynorsk. Der fekk dei til svar at slike lister ville dei få frå den einskildte skulen.

KRAV PÅ LISTER

Rektor ved Bjølsen skole, Arne Lillehagen, meiner han ikkje har lov til å dele ut klasselister utan samtykke frå føresette, noko utdanningsetaten i Oslo kommune reagerer på. Dei meiner dette ikkje er korrekt, og legg vekt på at føresette som etterlyser desse listene, har krav på dei sidan dei er part i saka. Kommunen seier at rektor derimot må sjå til at det ikkje

Ein klar trend

Skulesjefen i Stavanger kommune, Eli Gundersen, nyttar nynorsk ofte, men ho blandar seg ikkje opp i foreldra sine språkval, skriv Rogalands Avis.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Sjølvs om skulesjef Gundersen ikkje vil blande seg i språksakene, er ho klar over utviklinga. Det blir nemleg stadig færre nynorskelevar i norske byar.

Dette er ein klar trend i dei store byane, utan at me har gjennomført ein analyse av tala som ligg bak, seier ho til Rogalands Avis.

Eg er berre oppteken av språkleg mangfald, men eg er svært bevisst på at dette

er sensitiv informasjon på dei listene som blir delte ut.

Lillehagen meiner han har rapportert inn at skulen dette skuleåret har tre nynorskelevar. Dette har ikkje utdanningsetaten fått beskjed om, og dei meiner det må ha skjedd ein glipp ute i skulane. No vil kommunen bli endå tydelegare med informasjonen dei sender ut ved innskriving av nye elevar, slik at ein unngår slike situasjonar i framtida.

TRENG ARENAER

Camilla Ruhs er skuffa over at dei ikkje har fått meir og betre informasjon frå skulen.

– Folk må jo få lov til å velja det dei vil. Men eg trur det hadde vore bra om ein lettare kunne få kontakt med dei andre foreldra på ein skule. Når skulen nektar å gje ut kontaktinformasjonen til andre foreldre, er det ikkje lett å samla støtte om noko skulen er lunken til å få til. Faktisk så trur eg skulen kunne ha godt av å skapa arenaer der foreldra lettare kan kommunisera med kvarandre.

er ein foreldrerett. Slik blir me berre ein del av byråkratiet som må ta foreldra sine val til etterretning. Eg må difor passe på at eg er profesjonell i slike saker, meiner Gundersen.

Sjølvs meiner ho barna mister noko dersom dei ikkje får gå på skule saman med barn frå nabolaget, men aviser ikkje nynorskklassar.

NYNORSKELEVAR

Tal frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) viser at talet på nynorskelevar går ned i storbyane. I Trondheim er det ingen nynorskelevar, heller ikkje i Tromsø eller Kristiansand. I Oslo er det ein elev som har nynorsk som hovudmål, medan det i Bergen er 3,5 prosent. I Stavanger er det totalt 36 nynorskelevar, noko som utgjør 0,2 prosent.

Lillehagen forstår at foreldre ynskjer å kartlegge om det er andre som ynskjer nynorsk, og meiner foreldremøte er ein god arena for foreldra til å ha kontakt på.

Likevel vil han ikkje no ta initiativ til å prøve å etablere ein nynorskklasse.

– Eg har rapportert inn det eg skulle, meir kan eg ikkje gjere, seier han.

VIL MOTIVERE

Ruhs meiner det er vanskeleg å slå fast kvifor det stadig blir færre nynorskelevar i byane.

– Når det gjeld vidaregåande og ungdomsskule, så kjem det vel an på kva ungdommane sjølv vil. Når det gjeld skulestartarane, så kjem det an på foreldra. Kanskje ikkje alle veit at det er mogleg.

Og for dei som veit det er mogleg, så byrjar eg å skjønna kvifor dei kan gje opp, når rektorane gjer seg så vanskelege.

– Kva vil de gjere no framover?

– Prøve å motivere sonen vår til å halda på nynorsk som skriftspråk og opplæringsmål. Me har heller ikkje gjeve heilt opp nynorskklassen, men vil sjå det litt an etter kva høve som byr seg. Akkurat på vår skule ser me at me kanskje kunne klart å få det til. Me bur på Sandaker, som eigentleg soknar til Lilleborg skole. Men sidan den skulen er full, er guten vår flytta til Bjølsen, der han skal vere heilt til Sandaker skole opnar om to år.

Sandaker-elevane er delte på fleire klassar, og me har hatt eit lite håp om at me kunne klara å samla nok elevar herifrå til ein klasse. Så no får me sjå.

– Elevar risikerer å miste den sosiale dimensjonen det er å gå saman med barn frå nærmiljøet. Men viss foreldra ynskjer det, er me veldig opne for nynorskklassar, seier ho.

Mistar fotfestet

Det blir ikkje lenger argumentert nasjonalt for nynorsken, og nynorskårsla har dermed gitt frå seg eit av sine beste argument. Det meiner historieforsker Øystein Rian ved Universitetet i Oslo.

TOYNI TOBEKK
toyini@norsk-plan.no

– Nynorsken vart tidlegare oppfatta som viktig i arbeidet for den norske nasjonen. Slik er det ikkje no lenger, og det kan til ein viss grad forklare kvifor nynorsken ikkje står så sterkt i storbyane lenger.

Rian samanliknar situasjonen med korleis samane har greidd å bevare forståinga for den samiske kulturen.

– Samanlikninga er gjerne sett på spissen, men likevel trur eg det er rett å seia at viss ikkje samane hadde argumentert for at dei hadde ein eigen nasjonal kultur, ville truleg samisk språk no vore på veg ut.



Øystein Rian. (Foto: UIO)

STÅR SVAKT

Tal frå Grunnskulens informasjonssystem (GSI) syner at talet på nynorskelevar har gått dramatisk

Viktig med gode ressursar

Statssekretær Lisbet Rugtvedt i Kunnskapsdepartementet meiner ein bør bruke dei verkemidla ein har, for å få fleire til å velje nynorsk i byane.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Rugtvedt legg vekt på at val av målform er eit viktig personleg val som er ein integrert del av vår identitet som borgar.

– Offentlege styresmakter har eit ansvar for å leggje til rette for at innbyggjarar som vel nynorsk som hovudmål, får praktisere dette utan større hindringar. Det overordna ansvaret for språkpolitikken ligg hjå Kulturdepartementet, medan Kunnskapsdepartementet som sektordepartement har eit viktig ansvar som ansvarleg for barnehage, skule og utdanning.

RETT PRIS OG TID

– Kva kan departementet eventuelt gjere for å stimulere til å få fleire nynorskelevar i byane?

– Departementet har ikkje planar om særskilte tiltak for å få fleire i byane til å velje nynorsk. Innfor skule og utdanning er det derimot fleire tiltak som er viktige for å sikre interessene til dei som har nynorsk som hovudmål, seier Lisbet Rugtvedt og viser til at det er desse generelle verkemidla som fremjar nynorsk, som må ligge til grunn for at fleire også skal velje nynorsk i byane.

– Opplæringslova slår fast at læreverk skal ligge føre på baa målformer til same tid og til same pris.

tilbake dei siste åra. I Stavanger var det 438 elevar som hadde nynorsk som hovudmål i skuleåret 1999-2000. I 2009-2010 var talet nede i 36.

At nynorsken står svakt i storbyane, er historisk sett eit gammalt fenomen, seier historieforskeren. Etter dei nynorske glansåra rundt førre hundreårsskifte og opp mot andre verdskrig, kor nesten kvar tredje skuleelev hadde nynorsk som opplæringsmål, har nynorsken gått tilbake så vel i byen som på bygda.

STIGMATISERANDE

– Somme intellektuelle i byane brukte nynorsk i tiåra rundt 1900, men bortsett frå det hadde målet naturleg nok størst forankring i dialektane på bygdene, forklarar Rian. I denne tida budde dei fleste nordmennene i bygder, og dei store byane hadde ikkje det folketalsmessige overtaket dei har i dag. Den store tilflyttinga til byane, og då spesielt Oslo, har svekt nynorsken, seier han.

– Samtidig veit vi at førstegenerasjons-tilflyttingar i dag held betre på dialekten sin enn dei gjorde tidlegare, då dialektbruk kunne verke stigmatiserande, seier historikaren.

– Men likevel har nok bokmålet hatt snobbefaktoren på si side. Historisk sett har dansk-norsk, og seinare bokmål, vore eit overklassespråk, og dermed har det uredvete blitt oppfatta som eit finare språk.

Det er eg òt poeng, meiner Rian, at det nynorske språket ikkje er så godt utvikla med tanke på å kunne brukast innafor fleire spesialfelt i samfunnet.

– Men eg set personleg stor pris på alle dei gode nynorskord, og eg tykkjer at nynorsk er eit vakrere språk enn bokmål, endå eg sjølv brukar bokmål i skrift og tale, seier professoren.

Dette krev gode innkjøpsrutinar og at forlag og andre læreverkaktørar leverer læreverk på nynorsk til rett pris og til rett tid.


DIGITAL HJELP

Vidare meiner Rugtvedt det er viktig å sørge for at ungdom som har nynorsk som hovudmål, har tilgang til gode ressursar innafor til dømes skjønnlitteratur og sakprosa, slik at dei ikkje opplever at innhaldstilfanget på nynorsk er for dårleg. Skuleeigar, både kommunane og fylkeskommunane, har også eit ansvar for at lærarane som underviser i nynorsk som hovudmål, har tilstrekkelege kvalifikasjonar, meiner ho og legg samstundes til at både etterutdanningstilbod og lærarutdanningane er viktige.

– For skuleelevar i byar som ynskjer nynorsk som hovudmål, men der kommunen har valt nynorsk som sidemål, kan ein få hjelp av digitale verkty til å auke tilgangen på lærarkrefter, danne nettverk med andre elevar i same situasjon og få tilgang til nynorske ressursar på nettet. Systematisk innsats frå skuleeigar kan vere med å leggje til rette for dette.



(Foto: Bjørn Sigurdson, Scamptix)



Kjartan Rodland

Tidlegare sjefredaktør i BT, har blant anna også vore informasjonssjef i Bergen kommune.

PÅ KOMMUNEVIS

Når små kommunemus brøler...

Dei hadde kloke menn før i tida også, til dømes for 115 år sidan. Dei kloke var menn, på den tida var ikkje kvinnene oppfunne, i alle fall var det ingen som såg dei. Men ein og annan professor hadde dei, mellom andre ein kjekk historikar som heitte Ludvig Daae og kom frå ei gåverik slekt. Han åtvara mot galskapen i å byggja bane frå Vestlandet til Austlandet: "Når vestlendinger og østlendinger kommer nærmere bort i hverandre, så kommer de for alvor til å merke hvor ulike de er, og så blir det strid mellom dem. Så gjør Vestlandet seg til en republikk for seg selv, og Norge blir sprengt!" I 1895 var unionsstriden brennande heit, og det viktige var å samla Noreg til eitt rike, ikkje til å løysa landet opp i regionar!

Professorane er fleire i våre dagar, men tankane har ikkje utvikla seg stort. Ei raudgrøn regjering greidde til slutt å gravleggja planen om å skapa regionar i Noreg, med god støtte frå Høgre. Ein vestlandsk region kunne vorte til plage når vestlendingane fekk pengar mellom hendene. Rikspolitikarane har eigentleg ikkje skjønna kva vi skal med fylkeskommunar og kommunar, når Stortinget trivst best som kommunestyre for heile landet, der dei leitar og finn små og litt større saker som dei kan gjera utspel av. Dei såg kor ille det gjekk i Russland under Jeltsin, då oljeriket regionar let vera å senda pengane til Moskva og brukte dei sjølve.

Men kommunar er til plage sjølv om dei knapt nok eig nåla i veggen. Eg har nett skrivne 100-årsbok for Modalen, som var lutfattig på alt anna enn fjellvidder. Men dei greidde å halda seg med gode skular, vegar som vart bygde, helsestell som fungerte, kyrkjer som vart bygde utan at storsamfunnet kom med ei einaste krone, og kommunen hadde eit årsbudsjett på 20 000 kroner. Men dei hadde makta til å gjera tinga slik dei sjølve ville, om det så berre skulle vorte plikt dagsverk ut av det. Storsamfunnet kom først då dei grøne bølgen slo inn over rikspolitikken på 1970-talet. Då skulle dei einaste ressursane Modalen hadde, sand langs elva og vasskraft frå høgfjellet, vernast til glede for bergensarar med nikkars og fiskestong!

I dag er den vesle kommunen med 360 menneske rik nok til å oppfylla dei fleste krav og pålegg frå Oslo, mot å betala alt sjølve. Men makta har dei ikkje. Ho ligg i Oslo, i eit lite belte midt i byen. Der er undergrunnen alunskifer, og av denne strøymer det radongass som gjer folk merkelege i hovudet. Og oppå dette laget ligg Stortinget, regjeringskvartalet og VG!

Men minnesmerke vil rikspolitikarane laga seg, 45 meter høge kraftmaster gjennom heile Hardanger. Heilt til eit par små mus gav seg til å brøla: 1000 menneske i Granvin, 2000 menneske i Ulvik. Dei brølte høgt nok til at regjeringa snudde!

SITATET:

– I ei medievord prega av bokmål, vil barn som har nynorsk få eit fortrinn ved å kunne to språk som dei elles ikkje ville fått. Det er også viktig å satse på nynorsk når det andre språket er under eit sterkt press frå dei engelske språka.

Anne Kalvig, som er mor til ein av nynorskelevane i Stavanger, til Rogalands Avis.

– Start opplæringa tidleg

– Obligatorisk, tidleg og god sidemålsopplæring for alle er avgjerande for at elevar med bokmål og nynorsk som sidemål skal stilla likt, seier leiar i Noregs Mållag Håvard B. Øvregård.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no



Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, meiner barn bør læra seg både nynorsk og bokmål frå dei startar i skulen. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

I ein kommentar i Dagbladet 3. august skriv assisterande rektor ved Oppegård vidaregåande skule, Svein Magne Sirnes, at sidemålsopplæring frå barnetrinnet vil vera pedagogisk uheldig. Han spør om ikkje elevar som må forhalda seg til to språkkonvensjonar frå barnsteget vil føra til auka tilbakegang for nynorsk.

Mållagsleiar Øvregård er heilt usamd i denne framstillinga.

– All forskning syner at dess fleire språk ein lærer og dess tidlegare ein lærer dei, dess betre det, understrekar Øvregård. Evna til å læra seg fleire språk vert dårlegare dess eldre ein er.

KJENDE MED SPRÅKET

Sirnes meiner det vil vera pedagogisk uheldig for elevar i småskulen å halda styr på to skriftspråkkonvensjonar, og stiller spørsmål til om det kan forsvarast å tvinga bokmåselevane til å læra seg ord som til dømes «brotsverk», «freistnad» og «vordnad» - og verbformer som «hjelpete», «trefte» og «las» - før dei meistar hovudmålet sitt.

Øvregård meiner at det er heilt sjølv-sagt at barn skal læra seg nynorsk og bokmål i tidleg alder.

– Vert borna vane med å høyra nynorsk og bokmål frå dei er i barnehagealder og i småskulen, så vert desse orda ikkje så framande for dei, svarar han.

Ei av hovudutfordringane i språkopplæringa i dag er i følge Øvregård at det er ein veldig stor skilnad på dei som har nynorsk og dei som har bokmål som hovudmål.

– Medan bokmåselevar i dag nesten ikkje høyrer og les nynorsk, får nynorskelevar alt for mykje bokmål i sin kvardag. Øvregård er heller ikkje uroa for at fleire nynorskelevar vil gå over til bokmål dersom dei byrjar med sidemålsopplæring i barnetrinnet, som Sirnes skisserer som ein av konsekvensane.

ULIKE REFERANSAR

– Det som er utslagsjevande i ein slik språksituasjon er all bokmålen elevar med nynorsk som hovudmål har rundt seg dagleg, seier Øvregård. Det er stor forskjell på kor mange bokmålsbøker ein fjerdeklassing med nynorsk som hovudmål les og på kor mange nynorskbøker ein fjerdeklassing med bokmål som hovudmål les, understrekar mållagsleiaren.

Skjerpar kravet

Nye forskrifter for opplæringslova viser at ein har skjerpa inn kravet om parallellutgåver av lettlestbøker og lyd bøker.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

LNK-avisa hadde i november i fjor ei sak om at mange lettlestbøker og lyd bøker av læreverk i skulen ikkje var tilgjengeleg på nynorsk. Trass i at Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet var klare på at alle læremiddel kom innunder kravet om parallellutgåver på nynorsk, viste det seg at få av læreverka var tilgjengeleg på begge språk.

TYDELEGARE

Forlaga meinte på si side at ein stram økonomi og ein smal marknad var hovudgrunnen til at så få av desse læreverka vart produserte på nynorsk.

Utdanningsdirektoratet lover då også at dei skulle evaluere tilskotsordninga for smale fag og små elevgrupper.

I dei nye forskriftene til Opplæringslova blir då også kravet om parallellutgåver tydeleg skjerpa, og ein har fått ei tydelegare definering på kva som vert rekna som læremiddel.

KRAV PÅ NYNORSK

Her blir det lagt vekt på at eleven har rett til læremiddel på ønska målform; nynorsk eller bokmål. Kravet om språklege parallellutgåver gjeld for læremiddel som skal brukast regelmessig i opplæringa og som dekkjer vesentlege deler av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

– Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, heiter det i forskriftene.

Gratis kurs

Styret i LNK har vedteke at alle medlemene skal få tilbod om eit gratis språkkurs.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bakgrunnen for at LNK no ynskjer å tilby eit gratis språkkurs, er at organisasjonen stadig oftare får inn meldingar frå medlemskommunane om store og udekte behov for norskopplæring. Kurset på saklista er eit samarbeid mellom LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sjølv kursheft er skrivne av førsteamanuensis ved høgskulen, Jan Olav Fretland.

– Me må lage ein plan for dette arbeidet no, men håpar at me skal kunne gi alle medlemmene våre tilbod om gratis kurs i løpet av om lag fem år, seier styreleiar i LNK, Jan Magne Dahle.

For å klare å gjennomføre dette må kursa fordelast gjennom året. Hausten 2010 og våren 2011 er det medlemmer i Telemark, Rogaland, Oppland, Buskerud, Aust-Agder og Vest-Agder som får tilbodet. Tilbodet omfattar ein kursmodell med ein diagnose, ein kursdag, mellomliggjande arbeid og deretter ein ny kursdag. Kursa blir i tillegg tilpassa ved at ein kartlegg kva problem kursdeltakarane slit særskild med.

Dahle legg vekt på at kurset på saklista er eit veldig godt kurs, anten



Styreleiar i LNK, Jan Magne Dable, er no glad for at LNK tilbyr gratis språkkurs til medlemmene sine. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)


det gjeld grammatikk eller skiving av saksutgreingar på ein effektiv og god måte. Han meiner kurset kan vere ein god måte å auka statusen nynorsken har i mange kommuneadministrasjonar, på.

– Me vil gjerne også ta dette opp med statlege styresmakter, sidan dette i grunn er eit offentleg ansvar, som me no har teke på oss, seier styreleiaren.

MOT TIL Å MEINA

57 prosent av dei unge under 26 år meiner dei ikkje blir høyrte og ikkje får vera med bestemta.*


ER DET PLASS TIL UNGE UNDER 26 ÅR I FORMANNSKAPET DITT?



I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinett.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881

Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-
Dobbeltrum 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western
Hotell Bondeheimen & Kaffistova



Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

FAGFORBUNDET



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

hjartesmil

mariell øyre (20) skapar ei eiga verd av små bokstavar, hjartesmil og kvardagsleg lukke. det har gjort eit nynorsk førebilete.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– vil de la intervjuet stå med små bokstavar, litt som ein hyllest til estetikken min?

spørsmålet kjem frå suksessbloggaren mariell øyre, som skriv noregs mest populære blogg på nynorsk. på bloggen *hjartesmil* skriv ho om bryllaupsførebuingar, tedrikking, filmar, daglege utfordringar og kva som skjer i livet hennar. og alt det fine og vakre skriv ho med små bokstavar.

– for meg er det vakre noko som fører hjernen inn i ein prosess som inspirer meg og får meg til å tenkje vidare. eit bilete kan vere pent å sjå på, men ikkje gi meg noko meir enn det. ein mann kan vere kjekk utan å vere starten på ei novelle, liksom. det vakre er det som skaper. sofia coppola-filmar, anna gavalda-bøker og folk med krøller på trikken er vakre.

lesarane strøymer til hjartesmil. med 5500 unike treff i veka er bloggen blitt ein viktig del av mange sin kvardag. og tekstane strøymer til mariell.

– eg set meg aldri ned for å skrive, det berre kjem til meg. på mobilen har eg seksti utkast i form av tekstmeldingar og notat som berre kjem til meg når eg går forbi nokon på gata. eg er så nysgjerrig at hjernen min spinn rundt absolutt alt som skjer rundt meg, eg kan gløyme å gå av trikken fordi eg lurar på kva han som sit ved sidan av meg, har i kjøleskapet, eller om han vaskar klede kvar tysdag eller meir sporadisk. eg kan skrive om alt, men det er mange tekstar som ligg altfor nær hjarta, og som ventar på at eg skal bli modig nok til å vise dei til verda.

ho har vore fasinert av nettet sidan familien fekk heim sin første pc i 1998. som 11-åring bygde ho nettsider med html-kodar og meinte google var det beste som fanst.

– så når bloggverda opna seg for meg, var det berre ei utviding av det fantastiske forholdet mitt til nettet. eg trengte ein plass å få utløp for alt det vakre eg fant rundt omkring, og i starten var bloggen mest nettopp det: å poste fotografar som inspirerte meg. etter kvart ville lesarane ha meir av meg og mindre av andre, og da vart det slik det er no: litt kunst og mest kvardag.

og lesarane skriv på bloggen hennar og, ikkje minst, sender ting i posten. fine ting som hårbånd, vasskaner og sløyfer.

– fleire gonger i veka dumpar det ned brev og små pakkar i posten. dei sender meg dei søtaste små tingar: snop frå kina, postkort med fine bilete på frå paris, lauskragar dei trur eg ville lika, lange historier om einhjørningar og om hundar som alltid er kvalpar. eg er så himla takksam for den fantastiske lesarskaren min. det er nesten uforståeleg at dei sit på parkettgolv rundt omkring i land og utland og skriv brev til meg, og eg trur aldri dei kan fatte kor viktige dei er for meg. ofte får eg òg e-post av jenter med knuste hjarte. eg er av ein eller annan grunn blitt dr. love, men det er ganske fint å tenkje på: at det er meg dei vender seg til når dei har så vondt og berre treng nokon som



seier det skal gå over, at dei snart skal finne ein med krøller som luktar kanel bak øyret.

sjølv fann ho kjærleiken alt som 14-åring. i dag er ho og kjærasten, jostein avdem fretland, sambuarar i Oslo. for ikkje så lenge sidan trulova dei seg også.

– det er så himla fantastisk, langt forbi noko eg kunne ha forestilt meg. me er som nyforelska og snakkar om kjærleik og bryllup heile dagen lang. det er eit vendepunkt i livet på nokre måtar, men samtidig så har eg alltid visst at det skulle vere han, heilt sidan eg var fjorten år, så det er meir ei stadfesting enn eit vendepunkt.

mariell har planane for framtida klare. i februar flyttar ho til paris for å lære fransk, så blir det fotokule i london hausten 2011.

– det er fotograf eg skal bli. kanskje jobbar eg litt som journalist og kanskje litt i magasinverda i mellomtida, men det er ikkje før eg har hatt vernissage med champagne, og bileta mine heng store og stolte på veggene i eit fint galleri med mange raude prikkar ved sidan av seg, at eg vil ha oppnådd det eg ville.

– eg vil skrive bøker og vere med på meir magasinjobbing og planlegge bryllaup. framtida er heldigvis lang.

sjølv ser ho opp til kunstnaren sophie calle og forfattaren frode grytten.

sophie calle er favorittkunstnaren min og har gjort så mange ukonvensjonelle ting og blitt sett rart på på så mange måtar, men no er ho ein hylla kunstnar verda rundt, og det gir meg håp i magen. frode grytten er den einaste forfattaren eg veit om, som kan få bokmålsfolk til å lese heile bøker nesten utan å merke at dei er på nynorsk.

for mariell er nynorsk heilt naturleg. ein del av den ho er.

– **det er ikkje før dei siste åra** at eg har byrja å tenke over at språket faktisk kan bety noko meir enn berre kommunikasjon. eg er frå sogn og snakkar ein av dialektane som ligg nærast opp mot nynorsk, men har nok tatt det litt for gitt før. bokmål har aldri vore eit alternativ, å skrive vi i staden for me var aldri noko eg tenkte over, før eg byrja på firda og byrja å omgi meg med nordfjordingar som ikkje kunne forstå at det var lov å skrive me. no er eg så glad for at eg får lov til å skrive nesten akkurat sånn som tankane mine snakkar, og for at eg får lov til å kjenne litt for nynorsken kvar dag.

men å skrive ein blogg på nynorsk betyr at det er vanskelegare å kome opp og fram. nokre gonger så vanskeleg at mariell føler seg som nynorsken sin superhelt og burde hatt ei eiga drakt på medan ho i følge seg sjølv prøver å selje frode grytten og anna gavalda til folket.

– *er det nokon som seier noko på språket ditt?*

– omlag ein gong i året får eg ein eller annan kommentar som at nynorsk er stygt, veldig elegant. men fleire gonger i månaden får eg e-post og kommentarar frå folk som er så glade for at eg skriv nynorsk. mange skriv at dei hata nynorsk før, men at dei har fått eit heilt anna forhold til det etter at dei kom over bloggen min. det varmar i magen.

– *men kva må til, trur du, for å styrkje nynorsken?*

– eg trur ein må satse meir på levande nynorsk, nye forfattarar og levande mediefomer som nettet, film, teater, musikk og magasin. no følest nynorsk så høgtideleg for mange, arkaisk og tungt, og det er ikkje slik forholdet mitt til nynorsk er i det heile. noreg må sniknynorskinfiserast, heilt enkelt, gjennom populærkulturen

mange skriv at dei hata nynorsk før, men at dei har fått eit heilt anna forhold til det etter at dei kom over bloggen min. det varmar i magen.

og ikkje gjennom å lokke med kjeks og druer og loddtrekning. nynorskmiljøet er for lukka, for vakse, i all fall slik eg opplever det, og sånn bør det jo ikkje vere. den eldre garden må henge seg på og støtte dei unge og hippe nynorskningane for å spreie bodskapen, og ein kan starte med å gi meg, og ikkje berre språkrådet – svigerfar min (jan olav fretland red. merk) – billetter til premiereframsyningar på det norske teatret.

som barn i øvre årdal las ho veldig mykje og levde seg heilt inn i andre sine liv og andre univers.

– eg var nok veldig drøymande av meg. etter sofies verden prøvde eg å overbevise mamma om at sofaen ikkje var ein sofa, eg skreiv dikt til 17. mai-feiringa, vann bokkonkurransar og anbefalte dei andre i klassen min bøker på biblioteket. bøker som hadde stor font, var best.

det var starten på eit liv som kunstnar, fotograf, skribent og blogger. no er ho også aktuell som redaktør for eit eige magasin med eit opplag på 8000.

– kunstnaren mariell held korta tett til brystet. eg har veldig klart for meg i hovudet korleis eit bilete eller ein serie skal sjå ut, og så teiknar eg for å få ideen meir handfast før eg til slutt, og det kan ta veldig lang tid, gjennomfører det. eg blir sjeldan nøgd, men kjem i ein slags fødselsdepresjon kvar gong, noko som gjer at det tar tid før eg kan setja pris på arbeidet eg har gjort. inspirasjonen finn eg absolutt over alt, midt i ein setning eller på omslaget av ei bok. eg har alltid vore hyperaktiv og har alltid tusen små idéspirer i hovudet samstundes. framover vil eg jobbe mot å få trykt bilete i eit magasin, då hadde eg følt meg som den kulaste i verda.

(Foto: Privat)

SJØLVMELDING

namn: mariell øyre
alder: 20
bur: oslo, kjem frå øvre årdal

aktuell: skriv den mest leste nynorskbloggen i verda, kjem no med eige produsert magasin.


les: *history of love* av nicole krauss. ei av mine favorittar, sommaren

er ei fin tid til å lese opp igjen bøker.

høyrrer på: the smiths. no og for alltid, men spesielt på sommaren.

førebilete: alle dei ansiktslause som hoppa og trudde dei kunne fly og aldri såg seg tilbake. folk som tek sjansar og ukonvensjonelle val og ikkje bryr seg om dei vaksne.

KLP har starta bank. Her får du beste renta frå første sparekrone



men;

Då må du ha offentlig tenestepensjon i KLP. I meir enn 60 år har vi levert pensjon til offentlig tilsette. No har vi opna bank med ekstra gode vilkår for medlemene våre. Andre får også gode vilkår, men først når dei har spart 100 000 kroner. KLP Banken skal vere mellom dei beste tilbydarane i marknaden, og nettbanken er svært enkel å bruke. Som medlem i KLP får du så gode vilkår at kanskje du også vil spare hos oss?

Sjekk spararenta vår, mot den du har i dag på www.klp.no



Foto: Elisabeth Tolleim

Vil ha eigen kystoffensiv

Stortingspolitikarar på tvers av benker og komitear går no saman i ein eigen allianse som skal tale kysten si sak.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det er Arbeidarpartiet sine folk frå Aust-Agder, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal som etter initiativ frå Helga Pedersen no skal danne ei kyst-gruppe. Dei femten representantane sit i dag i komitear som spenner over nesten alle fagområda til Stortinget, og gruppa skal leiast av Magne Rommetveit frå Hordaland.

– Vi femten skal ha faste møte for å definere saker og leggje strategiar for korleis vi kan leggje fram kysten sine saker for nasjonalforsamlinga på ein betre måte, seier Rommetveit. – Tanken er naturlegvis at sakene våre vil stå sterkare når vi gjer dette samla.



Magne Rommetveit (Foto: Stortinget)

Kva saker gruppa skal jobbe med, har dei enno ikkje klart føre seg. Først og fremst er det no viktig å få fylkespartia på banen. Etablerte organisasjonar, interkommunale samarbeid og kommunane sjølve blir òg viktige i ein slik samanheng, for å gje sakene lokal forankring, seier gruppeleiaren. Men områda som peiker seg ut som aktuelle, er næring, energi og samferdsle. Her er det mykje å ta tak i kring kraftproduksjon og maritime og marine næringar, meiner han.

– Dette vil òg dreie seg om å peike ut kva som er viktig for folk langs kysten. På denne kyststripa har folk til dømes eit heilt anna forhold til strandsonepolitikk enn folk i indre Oslofjord. Areala som er til rådvelde, er av eit anna omfang, og



vi bruker strandsona på ein annan måte enn ein gjer på Austlandet. Slike ting blir viktige å få fram.

No skal gruppa, som har fått ein rådgjevar på full tid til disposisjon, jobbe fram dei sakene dei vil fronte, og Rommetveit reknar med det vil nærme seg jul før dei er på plass med noko konkret.

Arbeidarpartiet sin vestlandsbenk skal danne ei ny gruppe, som vil jobbe med kystrelaterte saker. (Foto: Toyni Tobeck)

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

ABC Startside®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no



* I snitt pr. veka **Gallup 1/2007

lokale nyhende fra stord
fitjar tynsnes bomlo kvinherad

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Sensuell sateng på nynorsk

Med Adam og Eva – sengekleddet som snakkar kjærleik lanserte designbyrået Funkle si nye merkevare nå i mai.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Det har verkeleg slått an, ler dagleg leiar Magnvor Lunåshaug. Men den raste latten var det ein mann i åttiåra som kom med, fortel ho.

Med erotiske folkeeventyr som utgangspunkt var det heilt naturleg for Funklegjengen å ty til nynorsk når produktet skulle lanserast.

Det var eit heilt medvite val å nytta nynorsk i denne kampanjen, understrekar Lunåshaug. Nynorsk er mest tradisjons- tru, og dei to forteljningane er mykje meir fengjande på nynorsk. Hadde me nytta bokmål, ville uttrykket blitt meir vulgært, ler ho.

Medan sengekleddet er rikt illustrert, får kjøparane eventyret på baksida av innpakninga.

Funkle nyttar ikkje nynorsk til vanleg og henta inn hjelp frå eit lite tekstforfattar- firma i Oslo, som hjelpte dei med å skriva historia og tilpassa ho til forholda i dag.



Funkle fekk Norsk Designråd sin årlige pris Merket for god design i mars i år. Prisen fekk dei for sine maskuline pledd i produktserien "The Power Collection". Fra venste Tim Lennon, Bente Jørgensen og Magnvor Lunåshaug (Foto: Funkle)



Sengekleddet Adam og Eva, som er inspirert av nynorske erotiske folkeeventyr vart lansert i juni (Foto: Funkle)

FUNKLE

Designbyrået Funkle vart etablert på Notodden i Telemark i 2007. Funkle var i august månaden handverkar hjå Birka, Nasjonalt senter for kunst og handverk www.birka.no.

www.funkle.no

MASKULIN DESIGN

Designbyrået går gjerne nye vegar og har nytta både industri og folkekultur i produktutviklinga si, med historietekstar knytte til produkta.

Utgangspunktet for sengekledekampanjen er eventyra om korleis Adam og Eva oppdagar kjærleiken, og korleis dei same hovudpersonane oppdagar det underjordiske.

Sengekledda har ei dydig overside og ei underside med fest og moro, fortel Lunåshaug. Vi veit at det ikkje alltid er like roleg på soverommet.

Med broderiteknikk inspirert av kraftmaster og småkryp på putene har designbyrået utvikla ein maskulin tekstilproduksjon, som dei merkar gjev resultat.

– Femti prosent av kjøparane våre er menn, understrekar Lunåshaug. I utgangspunktet var

målgruppene for byrået vaksne frå 20 til 25 år og frå 40 til 45 år, men erfaringa har synt endå ei målgruppe, nemleg damer mellom førti og seksti år, og eldre.

MERKE FOR GOD DESIGN

Funkle er eit ungt firma som allereie har markert seg i designbransjen i Noreg. I vår fekk dei det prestisjetunge Merke for god design, som Norsk Designråd deler ut årlig. Prisen fekk dei for sine maskuline pledd i produktserien "The Power Collection".

Det norske designfirmaet nyttar norske historier som grunnlag for produktutvikling, og dei har fram til nå framstilt alle produkta sine i Noreg. Men for å produsera sengekledda måtte dei utanlands.

– Det var ingen som kunne produsera sengekledda i Noreg, difor valde me ein svensk produsent i Tyrkia til produksjon av det nyleg lanserte satensengekleddet, fortel Lunåshaug.

"Ein peng spard er ein peng vunnen"

Ordtak av Ivar Aasen

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansierer lokale løysingar

- den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01
www.kommunalbanken.no

Klar for framtida

No er nettstaden Framtida.no klar til å møte ungdommane.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Redaktør Svein Olav Langåker er nøgd med resultatet.

– Me har prøvd å gje han ein enkel og moderne design som er lett for brukarane å navigera i, slik at ein finn det ein vil ha, og blir freista til å lesa meir og bidra sjølv. Me vil bli oppfatta som seriøse, utan å vera kjedelege.

Nettavisas skal rette seg mot eit publikum mellom 15–25 år og er resultatet av eit samarbeid mellom LNK og ABC Startside, men har også Pirion, LLA, Magasinett, valprosjektet Mot til å meina og Kultur- og kyrkjedepartementet som samarbeidspartar. I tillegg kjem ei rekke aviser som skal levere innhald til nettstaden.

OPPMODAR KOMMUNANE

Nettstaden vil innehalda artiklar som me har skriva sjølv, eller som ein av dei kring ti samarbeidspartnarane våre har skriva. I tillegg kjem kommentarartiklar frå dei 12 spaltistane me har avtale med. I tillegg oppmodar me brukarane våre til å skriva, og me legg opp til mykje brukarinvolvering, med skriva- og biletkonkurransar, skrivestafettar og høve til å kommentera artiklar og skriva egne innlegg. Dessutan kjem

me med ein quiz som me håpar fleire vil bryna seg på, seier Langåker, som viser til at ein no må arbeide for å gjere Framtida. no kjend blant fleire, slik at nettstaden får fleire lesarar og bidragsytarar.

No oppmodar han LNK-kommunane til å bruke sida og ikkje minst til å ta kontakt dersom dei vil ha nyhende frå Framtida. no direkte inn på kommunen eller skulane sine heimesider.

– Me kan òg hjelpa kommunane med å laga egne soner for ungdomsråda deira, slik at ungdom får ein møteplass der dei kan koma med innspel, diskutera og lansera og røysta over nye kampsaker.

STIMULERER TIL DEBATT

– Kva håpar de nettstaden kan føre til?

– Me har fleire mål. Me vil synleggjere og styrkja engasjementet til unge. Framtida. no er knytt opp mot LLA-prosjektet Ung & Engasjert og prosjektet Mot til å meina, som Garborgsenteret står bak. Begge desse prosjekta vert støtta av Kommunaldepartementet, som ønskjer å auka den politiske deltakinga til unge. Me vil òg styrkja nynorsken, og flesteparten av bidragsytarane og alt me skriv sjølv, vil vera på nynorsk.

Sjølv skal Svein Olav Langåker både skriva, redigere innkomne stoff og ikkje minst stimulere til at ein får ein levande debatt på sida. Med seg har han fått fleire kjende skribentar.

– Ja, me har no fått ja frå 12 kommentatorar som skal skriva for oss. Bortsett frå



Utviklargruppa ved ABC Startside som har laga Framtida.no (frå venstre): Viggo Normann, Amy Vidler, Anton Babenko, Svein Olav B. Langåker, Dagfinn Reiersøl og Bård Øien. Bogdan Nicolau var ikkje tilstades då biletet vart teke. (FOTO: Tine Jacobsen, ABC Startside)

Are Kalvø er alle under 30 år. Blant andre skriv leiaren for Norsk Målungdom, Janne Nygård, leiaren for Natur og Ungdom, Ola S. Elvevold, nestleiar i Noregs Mållag, Jens Kihl, leiaren i Sosialistisk Ungdom, Olav Magnus Linge, leiaren i Kristeleg Folkepartis Ungdom, Kjell Ingolf Ropstad, og ei rad andre unge både med og utan verv. Og me er enno opne for å få fleire. Me har hatt ei referansegruppe på 100 ungdommar, og fleire av dei har allereie teke kontakt og sagt at dei har lyst til å skriva.

VARIERT INNHOLD

Framtida.no vil ha nyhende frå både kultur, politikk, skule og jobb ut frå unge sin synsvinkel. Sakene vil ofte bli vinkla mot kva konsekvensar dei får for unge, og ein vil prøve å få fram dei unge sine meiningar.

– Stoffet me hentar frå lokalavisene, vil vera stoff som òg har relevans utover lokalmiljøet. Me har dessutan lyst til å visa fram alt det positive som skjer i ungdomsmiljø, og som kan vera til inspirasjon for andre, seier Langåker.



**Terje Mjåtveit
frå Nærbølista
er ordførar i Hå
kommune.**

Kommunestyret har 33 medlemmer. Kommunen har 16 342 innbyggjarar og kommunesenteret er Varhaug. Den viktigaste næringsvegen er jordbruk, og Hå er Noregs største husdyrkommune og Rogalands største jordbrukskommune. Kommunen har ikkje eiga lokalavis, men Jærbladet dekkjer dei særlege Jærkommunane Hå, Klepp, time og Gjesdal.

ORDFØRAREN OM:

Folketalet:

Hå er ein kommune i vekst. dei siste åra har vi hatt auke i folketallet kvart år.

Kommunesamanslåing:

Eg er sterkt imot kommunesamanslåing. Når du har ein kommune med omtrent 16 500 innbyggjarar og eit slikt aktivt næringsliv, så må vi greie å overleve sjølve.



SPRÅKLEG NØYTRAL

Hå kommune er medlem i Landsamanslutninga av nynorsk kommunar, men er samstundes ein språkneutral kommune. Det tyder at dei tilsette i kommunen kan velje å bruke den målforma dei ønskjer når dei kommuniserer ut.

– Vi skal fortrinnsvis svare på same målform som ei henvendelse kjem i, seier kommunalsjef Ragnvald Riis. – Elles er det mest i skule- og kulturetaten at saksbehandlarane bruker nynorsk hjå oss, medan dei andre helst nyttar bokmål.

Nynorsk som opplæringsmål står sterkt i Hå. Nett no er det så få bokmålslevar i kommunen at det ikkje er råd å lage heile klassar i alle trinn. Heilt eksakte tal har kommunalsjefe ikkje per i dag.

– Av dei 2 500 grunnskuleelevene vi har i dag, er eg rimeleg sikker på at det er under hundre som har bokmål som opplæringsmål.



Ordførar Terje Mjåtveit i Hå kommune har stått på Nærbølista i mange år. – Partipolitikk bøyyer ikkje beime i lokalpolitikken, meiner han. (Foto: Toyini Tobekk)

46 år med bygdeliste

Kvart valår sidan 1964 har Nærbølista stilt til val og vunne sete i Hå kommune. Nærbølista er ei av landets lengstlevande bygdelister.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Ei bygdeliste er ofte eit teikn på at konfliktnivået i kommunen er høgt, og den kjem ofte til som ein respon på einskildsaker som engasjerer sterkt. Bygdelister har og relativt kort levetid, men det gjeld altså ikkje for Nærbølista i Hå. Ordførar Terje Mjåtveit, som forøvrig er den einaste Hå-ordføraren som har sete to påfølgjande periodar, meiner lokalpolitikk handlar meir om engasjerte einskildpersonar enn partipolitikk.

– Nokon konflikt er det i alle fall ikkje snakk om no. Vi går til val på vanlege saker som skule, veg og helse, seier Mjåtveit. – Og det finst mange folk i Hå som er engasjerte i desse sakene utan at dei ønskjer å vere medlem i eit politisk parti for det. I ei bygdeliste kan dei få vere engasjerte utan at dei treng knyte seg til eit politisk parti.

OPE MØTE

Nærbølista kjem til ved at sitjande medlemmer inviterer til eit ope nominasjonsmøte på samfunnshuset året før kommunevalet. Dit kan kven som helst kome og diskutere programmet og teikne seg til neste val. Nærbølista har stilt til val i alle år sidan ho kom til for 46 år sidan, og ved kvart val er det ei overlapping av kandidatar frå førre periode.

– Korleis klarer de å ha ein langsiktig politikk viss de ikkje har kjernesaker og verdier de kan flagge?

– Politikken vår er tufta på dei kristne verdiane, og det ligg i botnen når vi lagar eit program, seier ordføraren.

– I og med at vi alltid har overlapping av folk frå periode til periode, sikrar vi og kontinuitet i politikken og programmet vårt. Ordføraren fortel at Nærbølista plar gå gjennom programmet sitt halvvegs i perioden for så å gå ut og fortelje veljarane kva dei har oppnådd så langt. – Så langt eg veit er vi det einaste partiet i Hå som gjer dette.

DOBLA SEG

Nærbølista hadde eit brakval i 2007. dei dobla mandata frå seks til 12, fekk 34 prosent av stemmene og vart det einaste partiet i Hå med framgang. Lista har i denne perioden eit samarbeid med Senterpartiet, Arbeidarpartiet og SV, og til saman sit desse med 19 av 33 mandat i kommunestyret. Dei største utfordringane for Hå kommune no, er å greie å utføre alle lovpålagde oppgaver og samstundes ha god styring med økonomien, meiner ordførar Mjåtveit.

– Hå er ein kommune i vekst. Vi veks med 2 prosent i året, og det betyr at vi må ha større skular og fleire barnehageplassar. Det kostar.

I VEKST

Jernbanen går rett gjennom Hå og Stavanger kommune ligg berre ein halv time unna. Mykje av veksten kjem av folk som flyttar til Hå og pendlar ut av kommunen for arbeid. Men kommunen sjølv er og godt budd med arbeidsplassar. Eit nytt meieri er under bygging gir grunn til optimisme i Noregs største husdyrkommune,

meiner ordføraren. Og det sjølv om det nye meieriet skal erstatte fire eksisterande meieri i regionen og totalt spare inn 1/3 av arbeidsplassane derfrå.

– Vi har arbeid så hardt for å få lagt dette meieriet til Hå. Det er så mykje kompetanse innan denne næringa i Hå, spesielt knytt til meieriet, at eg er viss om at det vil kome utvidingar i framtida.

Det at Tine satsar så mykje på denne meieriutbygginga vonar ordføraren vil vere med og stimulere bøndene til å halda fram med mjølkeproduksjon.

Hå er ein av åtte kommunar på Jæren, kor dei minste kommunane ligg tett og har mange samanfallande utfordringar. Kommunesamanslåing er eit tema Høgre har bragt på bana i Hå, utan at det har blitt handtert politisk. Ordførar Mjåtveit er klar på at han aldri vil vurdere å slå Hå saman med nokre av nabokommunane.

– Vi har 16 500 innbyggjarar i dag. Ein så stor vekstkommune med eit aktivt næringsliv, vi skal klare å overleve åleine. Eg ønskjer å ha det som no, med korte vegar og nære forhold, og det trur eg vi skal få til.

Sjeldan sak

Det er sjeldan bygdelister varer så lenge som 46 år, seier forskar Jakob Aars ved Uni Rokkansenteret.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Aars har tidlegare studert verkknadane som bygdelister kan ha ved kommuneval. Dei typiske bygdelistene er etter hans erfaring knytte til einskildsaker eller ei samling frå ei grend i kommunen som mobiliserer. Det hender og at bygdelister omfattar heile kommunen, og primært har dei då eit standpunkt kor dei markere sin avstand frå politiske parti. Ein sjeldan gong er bygdelistia ei avskaling frå tidlegare parti eller utbrytarar frå eit politisk parti.

– Felles for dei fleste bygdelister er at dei har relativt kort levetid, seier Aars.

– Mange lever berre ein periode, somme greier å strekke seg til to periodar før dei legg ned.

Elles er det ikkje så mykje som skil bygdelistene frå ordinære politiske parti, meiner forskaren. Mange lister lagar seg politiske program og dei organiserer seg på same måte som ordinære parti gjer.

– Kan bygdelister bli eit demokratisk problem når veljarane ikkje veit frå periode til periode kva lista står for?

– I utgangspunktet er ikkje bygdelister eit problem for demokratiet. Men sjølvsagt, viss ein går til val på smale einskildsaker og fristiller medlemmene sine i alle andre saker, vil det bli vanskeleg for veljarane å stille kandidatar til ansvar. Når det er sagt så er det også mange parti som er opptekne av einskildsaker og einskildpersonar, ikkje berre bygdelistene, seier forskar Jakob Aars.



Aktivt vitensenter

I haust kan du spele brettspel med deg sjølv som brikke og FN's 2015-mål som base.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

På Vitengarden er dei strålende nøgde med å ha fått eit spel av internasjonal klasse om utstilling.

– Denne utstillinga har vi vore med og utvikla saman med vitensenteret Eksperimentarium i København og ei rekke store hjelpeorganisasjonar, fortel avdelingsleiar på Vitengarden, Helene Østby Larsen. – Når vitensenteret i København vende seg til Noreg for å finne samarbeidspartnarar, var vi veldig nøgde med å få den oppgåva. Å få utstillinga hit til Rogaland og Hå kommune er òg veldig stort, vanlegvis går utstillingar av denne dimensjonen til Oslo eller andre store plassar i landet.

EIT URIMELEG BRETTSPEL

Ei verd på spel heiter utstillinga, og ho er eit brettspel kor du sjølv er brikk. Meininga er å oppleve kor tilfeldig og urettferdig for-



delinga av gode i verda kan vere, forklarar Østby Larsen.

– I utviklinga av spelet har vi òg hatt med oss eit prosjekt som Hå kommune driv saman med bedriftene i lokalmiljøet her. Dei jobbar med å hjelpe eit sjukehus i Burundi til å få vasstiltførsel heilt fram til huset, og samstundes er dei involverte i opprettinga av eit kyllingslakteri. Vi kjem til å bruke denne innsatsen i utstillinga vår når ho opnar i oktober, seier ho.

I MATFATET

Det er ikkje berre med FN-utstillinga at Vitengarden og Hå kommune drar vekslar på kvarandre. Avdelingsleiar viser til fleire prosjekt kor kommunen,

fylket og Jærmuseet samarbeider om tema og utstillingar.

– Hå er ein jordbrukskommune, og for oss er det naturleg å la jordbruk, husdyr og mat, dei grønne realfaga, stå i fokus, seier Østby Larsen. Ho fortel at kommunen no har oppretta ei eiga stilling hjå Jærmuseet og Vitengarden som skal drive formidling og utvikling av tema rundt jordbruk og mat.

– Vi kallar oss Vitensenteret midt i matfatet, seier ho.

GRIS, HØNS OG KU

Vitengarden har òg eit ekte gardsbruk knytt til anlegget. Garden driv for fullt, nett slik dei



JÆRMUSEET

Vitengarden utgjør saman med Vitenfabrikken i Sandnes kommune eit regionalt vitensenter som er underlagt Jærmuseet.

Anlegget har sju tilsette og er hovudkontoret for Jærmuseet.

Jærmuseet er ei stifting òtt av kommunane Hå, Time, Klepp, Gjesdal, Sandnes, Sola og Randaberg.

gjorde på 50-talet, fortel Helene Østby Larsen.

– Vi har ein del bevaringsverdige dyr på garden vår, mellom anna vestlandsk raudkolle, jærhøner, gjæser og ikkje minst den gode gamle grisen, som nok ikkje er like mager som dagens griser er.

Garden er i tillegg forsynt med eige rugeri. Egg blir tatt frå honene ute og lagt til ruging i rugemaskina. Er ein heldig, kan ein få sjå klekking ein dag ein er innom Vitengarden som gjest. Det er viktig, seier Østby Larsen, å la både vaksne og barn kjenne gardslivet på kroppen, verkeleg kjenne at det luktar gris i eit grisehus.

– I mange barnebøker blir kyr og griser framstilt som like store

dyr. Det kan kome som ei overrasking på både vaksne og barn at kua faktisk er eit mykje større dyr enn grisen.

Vitengarden har elles faste utstillingar som fortel den jærsk kulturhistoria og viser korleis Jæren har endra seg frå å vere udyrka stein- og lyngheier til å bli eit moderne industri- og bondesamfunn.

SAGT OM HÅ:

-Både Hå, Time og Klepp kjem tilfredsstillande ut av kulturbarometeret til Kommunal Rapport. Aller best av dei tre er Hå som bare har ni kommunar framfor seg på lista. Det som i følgje Kommunal Rapport er mest oppsiktsvekkjande ved denne plasseringa er at Hå er ein av fire kommunar blant dei 20 beste som har inntekt under landsgjennomsnittet. Dei fleste som er i toppen er nemleg rike kommunar med til dels svært mykje betre råd enn gjennomsnittet.

Leiar i Jærbladet om kulturbarometeret i Kommunal Rapport der Hå kommune hausta ros.



Drar veksle: Det nye meieriet i Hå vil drive utveksling av spillvarme med eit av Noregs største gartneri (bildet). Meieriet er under oppføring og vil ligge bak gartneriet. (Foto: Toyni Tobekk)

Leiar: Torbjørn Gjerde i Tine er prosjektleiar for det nye stormeieriet som er under oppføring på Kviamarka i Hå kommune (Foto: Toyni Tobekk)



Byggjer kjempemeieri

På Kviamarka i Hå byggjer dei det som vil bli Noregs største meieri når det gjeld behandla mjølkemengde.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

-Vi skal slå saman fire meieri frå regionen og samle produksjonen i eitt stort meieri. Slik kan vi gjere meieridrifta meir rasjonell, seier prosjektleiar Torbjørn Gjerde frå Tine. Han vil bli leiar av det nye meieriet når det står klart hausten 2011.

Gjerde fortel at dei fire meieria i Jær-regionen som no skal samlast til eitt, består av 50-60 år gamle bygningar. Ingen av anlegga har særleg utviklingspotensiale, og det ville vore lite rasjonelt å ruste desse opp. For å møte stadige krav til produktfornyng og rasjonalisering har

Tine derfor bestemt seg for å slå desse fire saman og bygge eit nytt. Ein snakkar då om ei utbygging til 1,4 milliardar kroner. Det nye meieriet vil motta 200 millionar liter mjølk i året, noko som tilsvarar omlag 13 prosent av den totale mjølkemengda som Tine mottok. Det er i ein slik målestokk at meieriet vil bli Noregs største, men når det gjeld omsetning eller talet på tilsette, blir det ikkje størst.

FÆRRE TILSETTE

Per i dag ser Tine for seg ei netto innsparring på 30 millionar kroner årlig ved å slå saman desse meieria. Rasjonaliseringa inneber dessutan at arbeidsstokken blir mindre.

-Vi skal redusere talet på tilsette med ein tredjedel. Det betyr at ikkje alle vil få jobb i det nye meieriet, seier Gjerde. Dei reknar likevel med å kunne tilby jobb til

alle som ikkje går av med pensjon, på dette eller andre anlegg i distriktet.

- Kva seier bøndene i området om denne samanslåinga?

- Det var litt lokal motstand mot planane i starten, men no opplever vi ei brei semje om at dette er det beste både for Tine og for bøndene. Aukar vi konkurransekrafta vår i marknaden, så aukar også bonden si stilling i samfunnet.

MILJØGEVINST

Det nye Tine meieri Jæren meieri vil etablere seg på eit område i Hå kor ein allereie finn tre kyllingslakteri og eit gartneri med det største drivhuset for tomatar i landet. Ein av fordelane ved å etablere seg i dette området var tilgangen til eiga vasskjelde. Men også høvet til å dra veksle på dei etablerte anlegga freista. No ser det ut til at meieriet og drivhuset vil kunne drive

ei utveksling av spillvarme og vatn som både anlegga vil tene på.

-Vi får eit overforbruk av vatn som det er vanskeleg for oss å bruke opp. Dette vatnet vil vi no leie i røyr over til gartneriet, kor det vil ha ein varmestiging frå 35 til 55 grader. Dette vatnet blir så brukt til å justere temperaturen i veksthusa, forklarar Gjerde.

Etter at vatnet har tent si rolle i veksthuset, kjem det avkjølt tilbake til meieriet og kan brukast på nytt.

I tillegg har gartneriet eit stort behov for tilskot av CO2, som dei vanlegvis får dekt ved brenning av naturgass. Når meieriet kjem på plass, vil all eksos frå kjelane deira gå i røyr til gartneriet, der han kan tappast for CO2.

- På denne måten håper vi å bli ein energisentral som er hjartet i dette næringsområdet, seier framtidig meierileiar Torbjørn Gjerde.

LNK NYTT



NYHENDE
- Nytt om språk, politikk, kultur og distrikt. Vi gir deg nyhende kvar arbeidsdag!

ANNONSEPLASS
- Vil du annonsere her? Send e-post til bladstova@lnk.no

TILRETTELAGT
- Stor eller liten tekst? Du styrer storleiken.

POLL
- Kva meiner du? Vi spør, du klikkar. Vi bruker gjerne resultatet i nyhendesakene våre.

SØK
- Skriv i søkefeltet og finn saker i LNK.no

ABC-SØK
- Utvida nettsøk frå ABC Startsidea.

ABC OFFENTLEG
ABC Offentleg - Søk i det offentlege Noreg

NYTT FRÅ DISTRIKTA
- Nytt frå LNK-fylka blir levert av NRK

LNK-AVISA
Les den nyaste LNK-avisa. I arkivet finn du og eldre utgåver.

MEDLEMER
- Er kommunen din ein LNK-kommune? Vi har gode kart som gir deg svaret.

TIPS?
Kontakt redaksjonen på bladstova@lnk.no.

NYTT FRÅ NOREG
- Nytt frå heile landet blir levert av ABC Nyheter

PiRion-KURS

Kurshaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingar frå?

KULTURFORMIDLING FOR TILSETTE I BARNEHAGE OG SMÅSKULE OG ELLES ANDRE SOM ARBEIDER MED SMÅ BARN

Bokhaust med ny profil



(Foto: Samlaget)

Samlaget la nyleg fram ei variert haustliste. Samstundes lanserte dei ny nettside og grafisk profil.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Totalt presenterer Det Norske Samlaget elleve debutantar denne hausten, åtte som skriv for vaksne, og tre som skriv for barn og unge.

kapital, seier forlagssjef Margit Walsø i ei pressemelding.

VARIERT LISTE

Aino Basso debuterer denne hausten med vaksenlitteratur. Fange 59. *Taterpige* er eit sterkt portrett av ei ung jente som får livet snudd opp ned. Med seg på debutantlista for vaksenlitteratur har ho Atle Berge, Sindre Ekheim, Ingvild Holvik, Ragnhild Kolden, Berit Rødstøl, Kristin Sørsdal og Terje Tørrisplass.

Av omsett skjønnlitteratur presenterer Samlaget i haust den danske forfattaren Pia Juul. Boka hennar, *Mordet på Halland*, er hylla av eit samla dansk og svensk kritikar-korps. I tillegg introduserer Samlaget ein ny krimserie av Matti Rönke, Finlands svar på Mankell, med handling frå grensetraktene mellom Russland og Finland.

NY DRAKT

Lista viser elles at Samlaget si satsing på barne- og ungdomslitteratur held fram, med ein sterk debut frå Asbjørn Rydland, som kjem med fantasy-romanen *Drakeguten*, og *Cherub-serien*, ein britisk barneboksuksess som endeleg kjem på norsk. Serien fortel om livet til hemmelege barneagentar som infiltrerer kriminelle miljø.

Samstundes kjem Samlaget også med nye nettsider og ny profil.

– I år møter me dykk i ny drakt. I tillegg til å lansere bøkene våre har vi også lansering av ny logo, ny heimeside på samlaget.

no og ja; heilt ny visuell profil, som det heiter – rett og slett ny Samlags-bunad, kunne forlagsdirektør Tove Lie slå fast i ei pressemelding.

Haaland ny teatersjef



Agnete Haaland blir ny teatersjef ved Den Nationale Scene i Bergen.

Haaland tek over

for Bjarte Hjelmeland som ny teatersjef 1. januar 2010. Agnete Haaland har lang erfaring både som leiar og skodespelar. I dei siste rundane kjempa ho mot Hilde Andersen og Kim Bjarke om den gjeve tittelen. Dei siste åra har ho vore leiar for Norsk Skodespelarforbund. No blir ho den første kvinnelege teatersjefen ved DNS.



Forum Jæren (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

Vil skape møteplass

– Eg håpar Garborgsenteret vil verta eit levande og kraftfullt senter som inspirerer unge og gamle til samfunnsengasjement, til å lesa og til å skapa, seier påtroppande dagleg leiar Inger Undheim (35).

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Undheim tek til i den nye jobben fyrste oktober i haust, noko ho trur blir både spanande og utfordrande.

– Eg gler meg, slår ho fast. Inger Undheim har lang røynsle som formidlar av Garborg, både som mangeårig sommarvert i Garborg-heimen og på Knudaheio, som foredragshaldar og som ekstern Garborg-formidlar i regi av Time kommune.

Inger Undheim er for tida også leiar i Time Mållag og er med i det faglege rådet for Nasjonalt Garborgsenter. No tek ho over leiarjobben ved senteret etter Einar Schibevaag.

SKAL ENGASJERE

– Kva håpar du Garborgsenteret kjem til å bli?

– Eg håpar folk vil verta både engasjerte og utfordra av litteraturen, virket, tankane og visjonane til Hulda og Arne Garborg. Vidare håpar eg Garborgsenteret vil verta ein sosial møteplass og ein stad det er gildt å besøka, seier Undheim.

Ho legg vekt på at senteret må satse på kvalitet i alle ledd for å nå ut til publikum. Senteret skal ikkje bli noko tradisjonelt museum, men derimot ei engasjerande og interaktiv utstilling der publikum får lære ved å gjere, i fylgje den påtroppande leiaren.

Senteret har eit brukarpanel sett saman av vidaregåandelevlar frå Asker,



NY SJEF: 1. oktober byrjar Inger Undheim som dagleg leiar ved Garborgsenteret. (Foto: Hege Myklebust).

Time og Tynset kommune, som aktivt er med på å påverka innhaldet i senteret, slik at me betre når ut til hovudmålgruppa unge vaksne mellom 15 og 25 år. Me vil òg utnyttja dei positive synergieffektane frå samlokaliseringa med nytt folkebibliotek og nærleiken til vidaregåande skule. Me vil sjølvstøtt òg ha kontakt med aktuelle forskingsmiljø, Garborg-kommunane og litterære miljø andre stader i landet, slår ho fast.

For å nå det allmenne publikumet meiner Undheim det er viktig at senteret viser godt igjen i media, på nettet og på sosiale medium som Twitter og Facebook.

NASJONAL ARENA

Undheim har også ein klar visjon om kva senteret skal oppnå.

Eit overordna mål er sjølvstøtt å fremja interessa for Arne og Hulda Garborg og å vera ein nasjonal formidlingsarena for litteraturen, virket, tankane og visjonane

deira. Som ihuga malkvinne ønskjer eg også at Garborgsenteret skal gi positive nynorske ringverknader i ei viktig språkleg randson, fortel ho.

I første omgang vert den viktigaste oppgåva å få senteret ferdig, med utstilling og formidlingsopplegg. Senteret har ei allmenn målgruppe og skal stå ferdig neste år.

– Eg håpar skuleelevar, pensjonistar, studentar, forskarar, småbarnsforeldre, statleg eller kommunalt tilsette, folk frå næringslivet eller rett og slett folk i sin beste alder vil bruka senteret. Generelt håpar me at me vil nå ut til eit allment publikum, med og utan spesielle faglege føresetnader.

GARBORG-NERD

Inger Undheim ser på seg sjølv som ein ekte Garborg-nerd og slår fast at dette truleg er det viktigaste ekteparet i noregshistoria.

– Engasjementet mitt for Arne Garborg vart for alvor vekt då eg var årleg sommarvert ved Garborg-husa heime i Time kommune medan eg studerte i Bergen. Ein direkte konsekvens av dette vart ei hovudfagsavhandling om *Den burtkomne Faderen*. Parallelt vart eg betre og betre kjend og med Hulda: Ein ekte nynorsk-feminist og kanskje landets viktigaste kulturformidlar og kulturskapar nokosinne? Samtida lét seg provosera kraftig av det radikale innhaldet i den litterære produksjonen hennar, og som forfatter vart ho dessverre nærast tidd i hel.

Garborgsenteret er også ein del av Diktarvegen, der ein fokuserer på å skapa vekst og aktivitet langs rv. 13. Diktarvegen er eit samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK), Nasjonalt Garborgsenter, Rasmus Løland-markeringa 2007-2011, Olav H. Hauge-stiftinga, Sivle-laget og Jakob Sande-stiftinga.



Jan Olav Fretland
– førsteamanuensis i norsk, medlem av Språkrådet

SPRÅKRÅD

Heilt rett?

Den viktige rettskrivningsnemnda til Språkrådet er i full sving med arbeidet. Har du meiningar om korleis nynorsken skal sjå ut, bør du engasjere deg på nettsida deira (www.sprakrad.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknoem). Eg ser mellom anna at nemnda samrøystes har gått inn for å ta bort i-målet (soli, husi) i nynorsk.

Men dagens normal gjeld lenge enno. Eg les mykje i kommunale papir og finn både godt og gale i språket. Det ergrar meg at dei som verkeleg skriv god nynorsk, gjerne har nokre få skjemmafeil. Språkspalta denne gongen skal hjelpe til å få bort noko av det som skjemma.

Verb som dekkja, svekkja, styrkja, merkja, leia er e-verb og skal skrivast til dømes: dekkjer - dekte, styrkjer - styrkte, leier - leidde. Vil du halda deg på den smale og rette vegen, unngår du uttrykk som Den raudgrøne regjeringa er *svekkja, eller Ordfararen *leia møtet. Hugs og at det forskjell på Han merka (la merke til) faren, og Han merkte varene.

Kva som skal vera hankjønn og ikkje, skaper også problem for mange. Framandord på trykksvak -e blir oftast hankjønn: tribunen, rutinen, finessen, analysen, kommunen osv. Regelen er grei, men ein må kunna han, og ikkje alltid stola på dialektene. Dialekt er forresten også berre hankjønn i nynorsk. Sunnmøringane har lett for å skriva *kommuna, ser eg, og Sogndal fotball, flinke i nynorsk, har kalla ein viktig tribune for *SL-tribuna. Så må me hugsa på rekneskapen og meisterskapen, og så heiter det faktisk ein design, tru det eller ei, både på nynorsk og bokmål.


Til slutt sender eg med fem små ord, der særleg hokjønn skaper problem. Du kan gjerne pugga anna, inga, noka, lita, eiga, for her kan det vera skjemmaflekker i det elles pleitfrie språket. Du kan gjera fleire feil, hugs no kva som er rett: ei anna sak, inga sak, det var ikkje noka sak, ei lita sak, mi eiga sak.

Er du kommunal leiar og les dette, vil eg minna om ansvaret for rett og godt språk i kommunen. Eg registrer med glede at LNK no vil spandera språkkurs på dei som er først ute. Så kan de unngå at dårleg språk stikk kjøppar i hjula for den som vil informera godt. Eller at språket stikk kjelkar i hjula, som eg såg her om dagen. Slik kan ein bli til lått når ein ikkje passar på å bruka faste uttrykk rett.

MOT TIL Å MEINA

85 prosent av unge under 26 år meiner skulen må få ei sterkare rolle i å førebu unge veljarar til å vera med i folkevald arbeid.*

KVA GJER KOMMUNEN DIN?



I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet gjennomfører kommunane Hjelmeland, Sauda og Time eit pilotprosjekt retta mot personar under 26 år. Målet er å auka det politiske engasjement blant unge og stimulera til å få fleire unge med i folkevald arbeid og ved valurnene.

Sjå garborg.no og magasinet.no

* Nasjonal kartlegging av unge under 26 år



(Foto: Hege Lothe)

Målpris til UiB

Universitet i Bergen er tildelt Målprisen 2010 frå Noregs Mållag.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Prisen vart delt ut under den offisielle opninga av det akademiske året. Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, la vekt på kor viktig det er at universitetet tek språkspørsmål på alvor.

– For nynorsken og målsaka er Universitetet i Bergen det viktigaste universitetet. De tek eit nasjonalt ansvar for nynorsken – noko som er avgjerande for nynorsk som akademisk språk. For nye studentar som møter høgere utdanning

for aller fyrste gong, er det veldig lett å velje bokmål fordi det er det lettaste, og fordi alle andre gjer det. Difor er det svært viktig at Universitetet i Bergen held fram med å gjere fagleg ryggstøtt for studentar og forskarar til å bruke nynorsken, uttalte Øvregård under utdelinga.

Rektor Sigmund Grønmo takka for prisen og meinte den vart viktig for det vidare arbeidet.

– Universitetet ser dette som ei påskjøning og set stor pris på denne heideren. Det er ei stor inspirasjonskjelde for vidare språkarbeid, sa Grønmo.

Grønmo feira også prisen med å halde opningstalen til dei ferske studentane på nynorsk.

aktuelt: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn



Bur: Ålesund

Aktuell: Tok nyleg til som dagleg leiar i Allkunne. Har tidlegare arbeidd som journalist, redaktør og PR-rådgjevar.

Språk: Nynorsk

Alder: 35

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (35) vil gjerne spandere middag på den første redaktøren i ei tabloid riksavis som vil ha nyhende på nynorsk.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Først skal ho byggje opp eit nynorsk digitalt leksikon. Korleis er det å starte i ny jobb?

– Det er supert å kome i gong. Eg har arbeidd i to veker no, og dette verkar lovande. Aasen-tunet er ein flott arbeidsplass, og eg har mange dyktige kollegaer både her og i Samlaget.

– Kva blir den største utfordringa?

– Den fyrste er å skaffe seg oversikt over alt som ein dagleg leiar må kunne. Deretter er det å få opp produksjonen på innhald. Det skal gå fint – vi har ein særskild dyktig redaksjon.

– Kva håpar du Allkunne skal bli til i framtida?

– Eg håpar Allkunne vert ei omfattande kjelde for dei som søker kunnskap og fakta. Og ikkje minst at det er fyrstevald til folk med stor kjennskap og kunnskap om kva Allkunne er.

– Kvifor treng me eit oppslagsverk som Allkunne?

– Allkunne tilbyr noko anna enn det andre nettbaserte oppslagsverk har.

Alt som står i Allkunne, er skrivne av løna forfattarar og kvalitetssikra av ein redaksjon.

Allkunne har omfattande artiklar om nynorsk kulturhistorie, personar og institusjonar som ikkje finst i andre oppslagsverk. Vi trengst fordi vi er ei kvalitetsmotivekt, og sjølv sagt: vi er på nynorsk. Det er viktig både kulturpolitisk, demokratisk og utdanningspolitisk.

– Kva må til for å styrkje nynorsk skriftkultur?

– Allkunne er viktig for å styrkje nynorsken. Internett fløymer over av informasjon. Det er ikkje lett for brukarar å vite kva informasjon ein skal stole på. Vi legg stor vekt på godt språk i Allkunne. Andre tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur, er: fleire masterstudentar på Høgskulen i Volda, fleire nynorske barnebøker, styrking av språkopplæringa i skulen, skilting og bruk av nynorsk i media.

– Kva betyr nynorsken for deg?

– Det er morsmålet mitt.

– Kvifor vel du å bruke nynorsk?

– Fordi det er morsmålet mitt, eit dugande språk med stort spenn og mykje farge.

– Kva må til for styrkje nynorsken i Oslo-pressa?

– Eit vanskeleg spørsmål. Det kan gjerast med gulrot eller pisk. Det er redaktørane som bestemmer. Mykje handlar om fordommar, at ein trur at folk ikkje forstår nynorsk tekst, og at det er knotete og framandt. Eg trur mange undervurderer lesarane sine.

Eg synest det er rart med eit forbod mot nynorsk på redaksjonell plass. No er det ein del som opnar for nynorsk på kommentarplass. Det forstår lesaren. Då er det lite truleg at lesaren ikkje forstår ei nyhendesak på neste side, skriven på nynorsk.

Eg har tidlegare sagt at eg spanderer trerettars middag på den fyrste redaktøren i ei tabloid riksavis som tillet nynorsk i ein nyhendeartikkel. Dette står ved lag! Mange aviser med lesarar over heile landet nyttar bokmål og nynorsk om kvarandre, som Vårt Land og Nationen. Eg har aldri oppfatta at det er eit problem. Store aviser som Bergens Tidende nyttar også begge målformer. Det er ein styrke. Ein del nettaviser har også eit meir nyansert syn på språk. Det lovar bra.

– Kva trur du er den største utfordringa for nynorsken no framover?

– Å vere med på digitaliseringa, og revisjonen av nynorskrettskrivinga.



Atle Berge (f. 1986) kjem frå og skattar til Lindås kommune i Nordhordaland. Er for tida journaliststudent i hovudstaden. Han debuterer i haust med romanen *Muntergang*.

debutanten

«Er vi saman, då, eller.»

«Noko slikt.»

«Noko slikt ...»

«Vi har berre kjent kvarandre i litt over ein månad, då, men frå inst i sjela mi, der det enno er ein så liten bit,» ho viste med peikefingeren og tommelfingeren på høgrehanda, «som ikkje er kolonialisert av verken den kapitalistiske eller religiøse ideen om kjærleik: Du er den overlegent beste vennen eg har hatt på veldig, veldig lenge.»

Samlaget 2010

ABC Startside®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no

Nynorsk språk- og dokumentlære

Today's kurs for statleg og kommunal forvaltning

ALTERNATIV 1:

Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag

Kurshaldaren lagar ein diagnose som resten av kurset blir lagt opp etter. Det mellomliggjande arbeidet gjev skrivetrening og høve til å arbeida ekstra med språket i organisasjonen.

ALTERNATIV 2:

Enkel diagnose – to kursdagar

Ein enklare variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk.

HSF Oppdrag svarer gjerne på spørsmål og tek i mot tingingar på kurs: hsfoppdrag@hsf.no eller telefon **57 67 60 00**

Kursa kan bestillast av ein oppdragsgjevar og haldast på arbeidsplassen

Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

